

HANDBOKA 2021



Norges Hesteskokaster Forbund

Skipa 1986

Kompetanse forsikring AS

Side	1	Framsida
«	2	Innhaldsliste
«	3	Leiaren har ordet
«	4	Mino HK, annonse
«	5	Annonse gåvebutikken Nordfjordeid
«	6	Hobøl HK, annonse
«	7	Adresseliste tillitsvalde
«	8	Adresseliste klubbar
«	9	Terminliste 2021
«	11	Kortform av regelverket
«	12	Avgifter/Kontingent
«	14	Jury
«	15	Til arr. av hesteskostemne
«	16	Nordhordland HK, annonse
«	17	Skjold HK, annonse
«	18	Vedtekter
«	22	Regelverk
	22	<i>Utstyr, bane</i>
	25	<i>Dømming</i>
	26	<i>Klasser. Metodar for avvikling</i>
	31	<i>Norges Cup og NM lag</i>
	33	<i>Avgifter/Gebyr. Framferd, straff m.m.</i>
	34	<i>Diverse bestemmelsar</i>
«	39	Presisjonskasting
«	40	Internasjonal hesteskokasting, m.m.
«	42	Tillitsvalde
«	43	Resultat 2019
«	50	Resultat 2020
«	59	Vinnarar NM og NC 1980-2020
«	68	Adelskalendre
«	73	Alternativ antal deltakarar til cup
«	74	Deltakarar til cup, fordel A og B gruppe
«	77	Baksida

Æresmedlemer i Norges Hestekokasterforbund

Magne Gloppestad, Gloppen HK, utnemnd 2006

Øyvind Hegrenes, Førde HK, utnemnd 2012

Tollef Årdal, Skjold HK, utnemnd 2017

Torbjørgh Årdal, Skjold HK, utnemnd 2017

Arne Drageset, Stord HK, utnemnd 2019

Oddmund Berg, Hobøl HK, utnemnd 2019

Otto Kristiansen, Hobøl HK, utnemnd 2019

Oddmund Dingen, Nordhordland HK, utnemnd 2021

Johannes Nedrebø, Skjold HK, utnemnd 2021



Lederen har ordet

Kjære hesteskoenner!

Også 2021 ser ut til å bli et år preget av pandemi og med store restriksjoner og begrensninger på folks frihetsutøvelse. Forhåpentligvis går vi mot en normalisering utover sommeren og høsten og som også vil gjøre det lettere for oss å utøve sporten vår.

Det nye styret er takknemlig for å ha blitt vist tillit til å få arbeide på vegne av klubbene og klubbmedlemmene. Vi vil anstrenge oss for å legge så godt til rette som overhodet mulig, for at vi skal kunne gjennomføre årets sesong på en god og trygg måte.

Vi vil etablere noen hovedmålsettinger for arbeidet i 2021 og alt som skal legges ned ressurser i, har den klare målsettingen; «å stoppe tilbakegang og skape grunnlag for ny vekst»!

Det er store forskjeller på klubber og regioner. Vi har klubber som har blitt store, har et høyt aktivitetsnivå og en hyggelig vekst i medlemstall. Vi har klubber som er relativt nye eller nylig oppstartet og som øker medlemstallet og bidrar med masse energi og entusiasme. Og vi har klubber, hvor både engasjement og medlemstall er stagnert og er i tilbakegang.

For oss er det like viktig å gripe fatt i utfordringer der hvor man sliter, som for klubber som er i vekst. Å legge strategier hvor tiltakene kan være ulike, men tilpasset den enkelte klubb, vil være viktig.

Vi i styret ønsker å være til for dere, klubbene og medlemmene og ikke nøl med å kontakte oss, dersom du har noe å meddele. Vi lover å ta alle henvendelser like alvorlig og vi vil forplikte oss til å komme med raske tilbakemeldinger.

Vi vil ønske alle til lykke med sesongen 2021 og vi gleder oss til å komme i gang og treffe alle dere som gjør sporten vår så trivelig å delta i.

Hilsen

Jim Ertesvåg

Leder NHF



MIDTRE NORDFJORD HESTESKOKLUBB

Mino HK ynskjer velkomen til årets fyrste NC- helg.

Fredag 25. juni NM Hesteskogolf

Laurdag 26. juni NC1

Søndag 27. juni NC2

Alle stemna vert arrangert på grusbana bak `Valhall.

Overnatting:	Nordfjord Hotel,	57 86 33 33
	Nesjartun Camping	57 86 27 32
	Årskogvika Camping	57 86 44 22

Privat utleige hos Harald Fagerstrand	90 18 18 15
---------------------------------------	-------------

Stemneleiar: Walter Fagerstrand

Kontakt: Synnøve Fagerstrand, sfagerstrand@hotmail.com,

tlf. 95 14 90 76

Vel møtt

Vèret kan vi ikkje garantere, men humøret er på topp.

Mino HK

Synnøve Fagerstrand

Gavebutikken på Nordfjordeid

Her finner du det meste innen Ur, Musikk, Gull, Sølv og andre gaveartikler.

Fra sigarer og piper til forlovelsesringer, bunadsølv.

Vi har også hesteko. Gule, Røde og vanlege hestsko.



Flotte gaver til hele familien.

*M.Johnsen`s Eftf.
Eidsgt. 59
Tlf. 57860112 / 90181815*

*130 år
1885 - 2015*



HOBØL HESTESKOKLUBB

Ønsker velkommen til

NM – helg på Hagenbanen 30. og 31. juli og 1. august

NM lag -- NM par -- NM X-kast -- og NM singel/NC 3

Stevnestart: NM Par fredag kl. 17.00

Stevnestart: NM X-kast og NM lag Lørdag kl. 11.00,

Stevnestart: NM Singel som også er NC 3 Søndag kl. 10.00

NM par, NM lag og NM singel (som også er NC 3) vil bli arrangert etter

Gloppen-metoden med avsluttende cup.

NM X-kast blir helmatch, inklusive **Norgesranking**.

NB!! Husk å ha med 4 kastesko!

Det vil bli konkurrert i følgende klasser: Klasse 1 og klasse 2.

Det vil være **KIOSK** med muligheter til å få kjøpt mat og drikke.

Sekretariat:	Otto Kristiansen	tlf. 928 33 106
Leder av jury NM par	Trygve Bolset	
Leder av jury NM X-kast og NM Lag	Johannes Nedrebø	
Leder av jury NM singel	Jim Ertesvåg	

Overnattingsmuligheter:

Vestby Gjestegård og Hyttegrend, tlf.: 649 59 800. booking@vestbyhyttepark.no

Thon Hotel Ski, tlf.: 648 53 500

Påmelding til Hobøl HK v/Otto Kristiansen, Symrevn. 50 1825 TOMTER

Benytt E-post: ott-kr@online.no eller tlf.: 928 33 106.

Påmelding bør foretas i god tid før første stevnedag og skal betales på forhånd til

Bankkonto 1135.10.41031 Hobøl Hesteskoklubb.

Startkontingent:	NM Singel	Klasse 1	kr. 200,00	Klasse 2	kr. 100,00
	NM X-kast	Klasse 1	kr. 170,00	Klasse 2	kr. 70,00
	NM par	Klasse 1	kr. 400,00	NM lag	kr. 500,00

HOBØL HESTSKOKLUBB ØNSKER ALLE VELKOMMEN

Adresseliste tillitsvalde NHF 2021.

Styret	Namn	Adresse	Postnr.	Adresse	Mobil	E-post
Leiar	Jim Ertsvåg	Flatøyvegen 77	5918	Frekhaug	90 72 00 75	jim@pjimport.no
Nestleiar	Synnøve Fagerstrand	Løkjastranda	6770	Nordfjordeid	95 14 90 76	sfagerstrand@hotmail.com
Kasserar	Arnfinn Austegard	Sandviksveien 1	5036	Bergen	93 03 50 76	aaustegard@gmail.com
Styremedlem	Per-Ivar Lomheim	Hengslev 4	3053	Steinberg	92 63 65 22	per.ivar.lomheim@ncc.com
Styremedlem	Johannes Nedrebø	Nedrebødalen 24	6847	Vassenden	90 57 12 43	jonedr@online.no
Varamedl.						
1.vara	Oddmund Dingen	Sagstadv 242	5918	Frekhaug	93 41 44 57	oddmund.d@gmail.com
2.vara	Stein Ove Stodderm	Flotevegen 8	6770	Nordfjordeid	90 01 28 24	sstodd@online.no
3.vara	Lars Arne Kolås	Fonnebostv.170	5955	Lindås	93 45 67 38	larsarnekolaas@gmail.com
Lovutval						
Leiar	Kjell Osland	Flatøyv 73	5918	Frekhaug	97 70 13 28	kos123@online.no
Medlem	Reidar Nepstad		5936	Manger	95 74 67 08	reidarnepstad@hotmail.com
Medlem	Kåre Måge	Fusavegen 364	5640	Eikelandssosen	45 60 04 94	
Valnemnd						
Medlem	Harald Standal					
Medlem	Stein Ove Stodderm	Flotevegen 8	6770	Nordfjordeid	90 01 28 24	sstodd@online.no
Medlem	Ragnar Fredriksen	Stasjonsvegen 6	1820	Spydeberg	41 27 21 23	rafre48@gmail.com
Revisor	Johannes Monstad	Schrivervh. 1	5918	Frekhaug	99 47 03 26	johsmonstad@live.no
Vararevisor	Monica Kipperberg					

Forbundet sitt kontonr. 3705 16 91238

Adresse kassarar: NHF v/ Arnfinn Austegard, Sandviksveien 1, 5036 Bergen. aaustegard@gmail.com

NC koordinator: Lars Arne Kolås. larsarnekolaas@gmail.com

Web-ansvarlege: Lars Arne Kolås og Sondre Torgersen. 5746 Undredal. sondre.torgersen@gmail.com Mobil 91 61 35 67

Ajourhald adelskalendar: Lars Arne Kolås

Adresseliste medlemsklubbar tilslutta NHF 2021:

Klubb	Kontaktperson	Adresse	Postnr	Adresse	Mobil	E-post
<u>Austblæsa HK</u>	Kjell Osland	Flatøyv. 73	5918	Frekhaug	97 70 13 28	kos123@online.no
Førde HK	Øyvind Hegrenes	Angedalen	6800	Førde	91 33 02 77	oyvindheg@gmail.com
Gloppen HK	Magne Gloppstad		6823	Sandane	41 41 03 84	mgloppstad@gmail.com
Hobøl HK	Ragnar Fredriksen	Stasjonsveien 8	1820	Spydeberg	41 27 21 23	rafre48@gmail.com
Mino HK	Synnøve Fagerstrand	<u>Løkiastranda</u>	6770	Nordfjordeid	95 14 90 76	sfagerstrand@hotmail.com
Nordhordland HK	Lars Arne Kolås	Fonnebostv. 170	5955	Lindås	93 45 67 38	larsarnekolaas@gmail.com
Skjold HK	Trygve Bolset	Bolset	6843	Skei	99 72 51 58	trygve.bolset@eninvest.net
Spiralen HK	Per-Ivar Lomheim	Hengslev. 4	3053	Steinberg	92 63 65 22	per.ivar.lomheim@ncc.no
Stord HK	Dag Otto Koppang	<u>Åsamvrvegen 48</u>	5415	Stord	46 93 73 05	dagottokoppang@gmail.com
(Vallset HK)	Frode Rønningen		2330	Vallset	94 16 58 70	frode_roenningen@hotmail.com
Skjergard HK	Halvard Måge				92 01 17 19	huset@torsvikhuset.com
Hjørundfjord	Harald Standal	Dalavegen 79	6154	Ørsta	90 63 55 05	stanhar42@hotmail.com

Linker til internettsidene til forbundet:

www.hesteskokasting.no

<http://resultater.hesteskokasting.no/>

<https://www.facebook.com/hesteskokasting>

Terminliste 2021

25.juni	NM – Hesteeskogolf (Nordfjordeid)	Mino HK
NM	Juryleder : Trygve Bolset	Kontakt :Synnøve Fagerstrand
26.juni	NC 1 (Nordfjordeid)	Mino HK
NC	Juryleder: Oddmund Dingen	Kontakt: Synnøve Fagerstrand
27.juni	NC 2 (Nordfjordeid)	Mino HK
NC	Juryleder: Kjell Osland	Kontakt: Synnøve Fagerstrand
1.juli	Steinbergcup DNC, Hagenbanen	Spiralen HC
DNC	Juryleder: Ragnar Fredriksen	Kontakt: Per Ivar Lomheim
6.juli	Ope Gløppemesterskap DNC	Gloppen HK
DNC	Juryleder; Johannes Nedrebø	Kontakt: Magne Gløppestad
30.juli	NM Par, Hobøl	Hobøl HK
NM	Juryleder: Trygve Bolset	Kontakt: Otto Kristiansen
31.juli	NM X-kast og NM Lag, Hobøl	Hobøl HK
NM	Juryleder: Johannes Nedrebø	Kontakt: Otto Kristiansen
1.august	NM Single / NC 3 Hobøl	Hobøl HK
NM / NC	Juryleder: Jim Ertesvåg	Kontakt: Otto Kristiansen
10.august	Spiralencup DNC	Spiralen HC
DNC	Juryleder: Otto Kristiansen	Kontakt: Per Ivar Lomheim
11.august	Nordhordlandscup DNC, Dale	Nordhordland HK
DNC	Juryleder: Jim Ertesvåg	Kontakt: Lars Arne Kolås
13.august	Jølster Open, DNC, Jølster	Skjold HK
DNC	Juryleder: Stein Ove Stodder	Kontakt: Trygve Bolset
14.august	NM Mix og NC 4, Jølster	Skjold HK
NC / NM	Juryleder: Lars Arne Kolås	Kontakt: Trygve Bolset
15.august	NC 5, Jølster	Skjold HK
NC	Juryleder: Jim Ertesvåg	Kontakt: Trygve Bolset
21.august	Stord Cup DNC	Stord HK
DNC	Juryleder: Morten Sakstad	Kontakt: Dag Otto Koppang
22.august	Sunhordland Open DNC	Stord HK
DNC	Juryleder: Arnfinn Austegard	Kontakt: Dag Otto Koppang
28.august	Hobølcup og Østlandscup, Hagenbanen	Hobøl HK
2 x DNC	Juryleder: Per Ivar Lomheim	Kontakt: Otto Kristiansen

4.september	Mino Open DNC	Mino HK
DNC	Juryleder: Magne Gloppestad	Kontakt: Synnøve Fagerstrand
5.september	Mino Cup DNC – DM Singel og DM Par	Mino HK
DNC / DM	Juryleder: Trygve Bolset	Kontakt: Synnøve Fagerstrand
10.september	DNC – DM Singel Lindås	Nordhordland HK
	Juryleder: Kjell Osland	Kontakt: Lars Arne Kolås
11.september	NC 6 Lindås	Nordhordland HK
NC	Juryleder: Arnfinn Austegard	Kontakt: Lars Arne Kolås
12.september	NC 7 Lindås	Nordhordland HK
NC	Juryleder: Harald Fagerstrand	Kontakt: Lars Arne Kolås

Norges Cup Singel 2021

Max. 6 stemmer er teljande for kvar kastar.

Av desse max. 4 nasjonale NC

NC = nasjonale Norges Cup stemmer

DNC = distrikt Norges Cup stemmer.

DM = distrikt meisterskap

Resultat liste sendes snarast etter stemnet til:

NC-koordinator: Lars Arne Kolås. E-post: larsarnekolaas@gmail.com

og Sondre Torgersen E-post: sondre.torgersen@gmail.com

Bruk Excel-format: De finn den under «Startkort/skjema» på heimesida til NHF (pass på å bruke den nye versjonen med NC poengskala gjeldande frå 2017.)

Kortform av NHFs regelverk. Hesteskokastinga i Norge foregår tradisjonelt som «mann mot mann»-konkurranse med 2 evt. 3 deltakarar som kastar mot kvarandre i kvar kamp. Skårpoeng blir gjevne til den/dei beste sko. Ein kamp går som regel til 21 skårpoeng. Vi har avviklingsmetodar som vert kalla “Andre metodar”. Her får kastarane poeng etter avstanden skorne ligg frå stikka. “Andre metodar” er Kongelag og X-kast.

Utstyr,bane. Maks. mål for hestesko: Vekt 615 gram, breidde 140 mm, opning 80 mm, lengde 155 mm. Det skal kastast mot ei jarnstikke med diameter 18-22 mm, høgd over bakken 22-30 cm. Kastaren skal stå ved ei kaststikke og kaste mot ei anna. Avstanden mellom stikkene 10 m. Området rundt stikkene skal være sand/grus. Kvar kastar skal nytte to sko som skal kastast etter kvarande. (Gjeld ikkje for Kongelag og X-kast). Kastarane skal skifte om å kaste som nr. 1 og nr. 2 (og evt. nr. 3) I tillegg til single-kasting, har vi også parkonkurransar (double).

Skår. Den skoen som ligg nærmast stikka tel eitt skårpoeng. Sko som ligg rundt stikka tel tre skårpoeng. Har same kastar dei to beste skorne, tel skårpoenga for begge. Har for eksempel ein kastar begge sine skor rundt stikka får vedkomande 6 skårpoeng.

Avvikling. Hesteskokonkurransar blir normalt avvikla i to avdelingar: Innleiande- og avsluttande kasting. Innleiande blir avvikla etter Serie-metoden (SM) eller Gloppen-metoden (GM), Nordhordlandsmetoden (NHM) eller X-kast.

SM: Kastarane blir trekt i seriar à 8 kastarar. Alle kastar mot alle dei andre i serien, to og to mot kvarandre, dvs. 7 kampar. Deretter blir det sett opp ein serietabell pr.serie. Vinnaren av kvar kamp får to kampoeng, (kp) taparen eitt (kp) dersom vedk. oppnår 11 i skår ellers null kp. Uavgjort kamp: 1,5 kp. til kvar.

GM: Denne metoden er praktisk talt einerådande idag. Den er lettare å administrere enn SM. Kastarane fører startkorta sjølve. Banefordelinga foregår etter ferdig oppsette kastnøklar. 2 eller 3 kastarar pr. bane. Juryen bestemmer antal kastrunder. Arrangøren bestemmer om det skal vere to eller tre kastarar pr. bane. Poenggjeving: Med to kastarar pr. bane, som ved SM. Med tre kastarar pr. bane: Vinnar to kp. nr. 2 eitt kp og tapar null kp.

NHM: Eller Nordhordlandsmetoden som den heiter offisielt. Metoden kan nyttast som innl. og avsl. kasting, eller ein kan gjennomføre heile konkurransen etter denne metoden.

I korthet går metoden ut på at den beste rangerte for kvar runde møter den nestbest rangerte på bane 1 osv, men med det forbehold at to kastarar kan møte kvarandre berre ein gong i løpet av konkurransen. Poenggjeving som for SM.

Avsluttande kasting: Alle kastarane går vidare til den avsluttande kastinga, dersom det er mogeleg. Avsluttande kasting føregår etter cupmetoden, dvs. utslagning, eller som Kongelagskasting eller etter NHM. I cupen møtes to eller tre kastarar pr. kamp, taparen går ut av konkurransen. Til slutt står ein att med to kastarar i ein finale. Taparane i semifinalane kastar «bronsefinale». I ein cupkamp skal det skilje 2 skårpoeng mellom den som går vidare og den som blir utslått.

Kongelag. Dette er ein metode som blir nytta under avsluttande kasting. Det blir her nytta 4 sko og kastarane får poeng etter kor langt frå stikka skorne ligg, etter ein skala frå 5 til 1 poeng.

X-kast. Dette er ein metode som liknar på Kongelagskastinga. Kastarane nyttar fire sko. Poenggjevinga er som for Kongelaget. Heile konkurransen kan gjennomførast på denne måten. Det blir notert rekordar både for Kongelag og X-kast.

Vi har også ein metode som vi kaller Dobbel Gloppen-metoden (2GM): Mellom innleiande kasting og avsluttande kasting blir det avvikla ei mellomrunde, der kastarane tek med seg halvparten av kamppoenga og skårpoenga frå innleiande kasting. Deretter blir det avvikla avsluttande kasting på vanleg måte.

Hesteskogolf. Hesteskogolf er ei ny grein innan hestekosporten. Som namnet tilseier er det visse likheter med golf. I hesteskogolf blir det plassert kaststikker med ulik avstand rundt om på bana og i terrenget. Det blir kasta mot kvar stikke til det blir oppnådd ring. Det gjeld så å kome rundt løypa på færrest kast. I hesteskogolf skal det være dame-klasse og herre-klasse.

Klasseinndeling. I Norges Cup-stemna og i NM skal det være fylgjande klasser: Klasse 1 og klasse 2. Klasse 1 er ei open klasse både for damer og herrar. Klasse 2 er for nybyrjarar innan hestekosporten og elles andre som den enkelte klubb meiner ikkje er kvalifisert for klasse 1. Vi har også ei juniorklasse for kastarar under 14 år. Som nemnt ovanfor skal det i hesteskogolf være dame-klasse og herre-klasse.

Norges Cup (NC). NC er ein årleg samanlagt konkurranse som består av nasjonale NC-stemne (NNC) og distrikt NC-stemne (DNC). Poenggjevinga i DNC er halvparten av poenga i NNC.

Norgesmeisterskap. Det blir årleg avvikla NM i single, par, par/mix, hesteskogolf, X-kast og lag. I lag NM skal det være inntil 4 kastarar pr. lag. Dvs. eit lag for eksempel stille med 3 kastarar, men dei vil få vanskar med å hevde seg i konkurransen. For å kunne delta i NM må kastarane ha vore medlem av norsk hesteskoklubb i minimum 1 månad. Styret i NHF har høve å gje dispensasjon for kastarar som ikkje er medlem av norsk klubb til delta i NM.

Jury. Ved alle terminfesta stemne skal det være ein stemnejury. Juryen har til oppgåve mellom anna å bestemme antal kastrunder, antal kastarar til avsluttande kasting, ta avgjerder i tvilstilfelle og ikkje minst: **sjå til at stemnet blir avvikla etter NHFs regelverk, og evt. gripe inn dersom det skjer brot på gjeldane regelverk.**

Vi har vidare reglar for terminliste, innbyding, påmelding, avgifter, program, handbok, premiering, resultatlistar, rekordar, framferd/straff og avlyste/avbrotne stemne.

Avgifter - kontingent 2021, 2022

Kontingent - reisefordeling.

Grunnkontingent kr. 300,-

Gruppe I - dvs. lag med 1-5 medlemmer. Kontingent: Skal betale grunnkontingenten dvs. kr. 300,- + tilskudd til reisefordelingsfondet: Grunnkontingenten for kvar representant de har rett til å ha på årsmøtet, dvs. kr. 300,- Tilsammen kr. 600,-

Gruppe II - dvs. lag med 6-15 medlemmer. Kontingent: Skal bet. 2 x grunnkontingenten, dvs. kr. 600,- + tilskudd til reisefordelingsfondet: Grunnkontingenten for kvar representant de har rett til å ha på årsmøtet, dvs. kr. 600,- Tilsammen kr. 1200,-

Gruppe III - dvs. lag med 16-30 medlemmer. Kontingent: Skal bet. 3 x grunnkontingenten, dvs. kr. 900,- + tilskudd til reisefordelingsfondet: Grunnkontingenten for kvar representant de har rett til å ha på årsmøtet, dvs. kr. 900,- Tilsammen kr. 1800,-

Gruppe IV - dvs. lag med 31-50 medlemmer. Kontingent: Skal bet. 4 x grunnkontingenten, dvs. kr. 1200,- + tilskudd til reisefordelingsfondet: Grunnkontingenten for kvar representant de har rett til å ha på årsmøtet, dvs. kr. 1200,- Tilsammen kr. 2400,-

Gruppe V - dvs. lag med mer enn 50 medlemmer. Kontingent: Skal bet. 5 x grunnkontingenten, dvs. kr. 1500,- + tilskudd til reisefordelingsfondet: Grunnkontingenten for kvar representant de har rett til å ha på årsmøtet, dvs. kr. 1500,- Tilsammen kr. 3000,-

Avgifter/gebyr:

Avgifter/gebyr:

Startkontingent pr. kastar: Kl. 1, D og H: kr. 130,- Kl. 2 og junior kr. 70,00

Startkontingent NM lag: kr. 340,-

Stemneavgift pr. kastar: Kl. 1, D og H. 40,- Kl. 2 og junior ingen stemneavgift.

NC-avgift pr. kastar: Kl 1 og kl 2: kr. 30,-

Etterpåmeldingsavgift pr. kastar: Kr. 50,-

Eksempel:

NC kl. 1: kr. 130,- + kr. 40,- + kr. 30,- = kr. 200,-

NC kl. 2: kr. 70,- + kr. 30,- = kr. 100,-

NM single: kr. 130,- + kr. 40,- = kr. 170,- dvs kr. 340,- pr. par

NM lag: kr. 340,- + 4 x kr. 40,- = kr. 500,-

Gebyr for registrering stemner på <http://resultater.hesteskokasting.no/>.

Dette gjeld stemner som ikkje er terminfesta, konf regel 48.7 Norgesranking (NR) og kapittel 9.99.5 Rekordar/adelskalendar.

Gebyr pr stemne: kr. 150,-

NB: Startkontingenten er ei max avgift som arrangøren kan redusere.

Stemneavgifta og NC-avgifta kan derimot ikkje reduserast av arrangøren.

Jury

Som ved alle idrettsarrangement har også juryen ved eit hesteskostemne ein viktig funksjon. Bestemmelsane om juryen finn vi **regel 13.2 (samansetning), regel 13.3 (oppgåver) og regel 13.4 (protestar)**

Den viktigaste oppgåve til juryen står i regel 13.3 pkt. 1: **"sjå etter at konkurransen vert gjennomført etter NHFs regelverk!**

Juryen skal under heile konkurransen sjå etter at den vert gjennomført etter NHF sitt regelverk. Skjer det brot på regelverket, arrangementmessig eller konkurransemessig, skal juryen gripe inn!

Protestar skal leverast til leiaren av juryen snarast råd, og seinast 15 min. etter at resultata er kunngjort. Ved klare arrangørfeil er ikkje protestfristen tidsavgrensa, men evt. protestar må likevel være innlevert i så god tid at stemnet ikkje vert unødig seinka. Protestar som er levert i rett tid skal handsamast av juryen snarast. Funksjonærar og deltakarar som er direkte involvert skal uttale seg før juryen tek si avgjerd. Protestar må grunngjevast med evt. regelhenvising.

Leiaren av juryen skal sende rapport til leiaren av NHF dersom regelverket ikkje er følgt, eller det har vore protestar under stemnet (regel 13.3.14)

Juryen må sette seg godt inn i regelverket! Lukke til !

Til arrangørar av hestekostemne.

Avgift. Alle arrangørar av hestekostemne må merke seg fristen for innbetaling av stemneavgift til NHF. Sjå kapittel 6 – Avgifter/gebyr. Avgifta er i år kr. 40,- pr. kastar og gjeld pr. påmeldt kastar, sjølvstøtt også etterpåmelde.

NB: Det skal ikkje betalast stemneavgift for klasse 2 og juniorklassa. For NC-avgifta gjeld same tidsfristen for innbetaling. NC-avgifta er i år kr.30,- både for klasse 1 og klasse 2.

Resultatlistar. Viser til regel 93.5 Resultatlistar skal straks sendast NHF, deltakande lag og aktuelle media. For NM og NC skal resultatlistene sendast til alle klubbar/grupper i NHF, NHF og aktuelle media.

Henting av startkort, etterpåmelding. Arrangøren bør opplyse i innbydinga om siste frist for henting av startkort og for etterpåmelding, slik at ein kan unngå unødvendig forseinkingar av stemnet. For større stemne som NNC og NM bør denne fristen være 45 minutt før stemnestart.

Kontroll av mål og vekt. Vi må rekne med at det kan bli stikkprøvekontroll av mål og vekt på hestesko. Styret i NHF avgjer på kva stemne dette skal skje. Maksimumsvekta er 615 gram.

Avstand mellom banene. Styret anbefaler at det bør være 3 meter mellom kastbanene. Det absolutte minimum er 2 m.

Avstand mellom banerekkene Anbefalt avstand er 6 meter, absolutt minimum er 4 m.

HUGSELISTE FOR KASTARAR:

- Møt fram til stemnet i rett tid, seinast 45 min før start
- Hent startkortet ditt så snart som mogeleg
- Meld frå til arrangøren dersom du veit at det er påmeldt kastarar frå din klubb som ikkje møter.
- Du må forsikre deg om hesteskorne dine held rett mål og vekt. Gjer dei ikkje det, blir du nekta å bruke dei under konkurransen. Sjå regel 10.1
- Ha med deg metermål og blyant/kulepenn.
- Vær nøye med utfyllinga av startkortet.
- Startkortet skal signerast før det vert innlevert.
- Hugs av motstandarane skal signere startkortet ditt. Regel 41.4
- Når du er ferdig med ein kamp, gå straks til bana der du skal kaste neste kamp.
- Det er forbudt å nyte alkohol eller andre rusmiddel på stemneområdet. (70.1)
- Røyking. Vi oppfordrar alle kastarane til ikkje å røyke på bana. Må du ha deg ein røyk, vent til kampen er slutt og gå bort frå konkurranseområdet.
- Etterlever alle kastarane dette, er alle med å hjelpe til at stemnet blir godt avvikla.

Lukke til med konkurransen !



NORDHORDLAND HESTESKOKASTARLAG

**ønsker velkommen til:
Hordacup, NC6 og NC7
10. – 12. september 2021.**

- Sted:** Lindås Ungdomsskule, Veråsvegen 71, 5955 Lindås.
- Tid:** Fredag 10. september, Lørdag 11. september og Søndag 12. september 2021.
- Start:** Fredag, Hordacup/DM Singel, DNC, start kl 17.00
Lørdag, NC6, start kl 10.00
Søndag, NC7, start kl 10.00
- Klasser:** Klasse 1 og Klasse 2.
- Startkont.:** Kl.1 kr. 200,- kl. 2 kr. 100,-
- Avikling:** Hordacup: Innleiande X-kast minimatch/avsluttande cup (husk 4 sko).
NC6-7: Innleiande Gloppen, avsluttande cup.
- Juryleiar:** Fredag: Kjell Osland, Lørdag: Arnfinn Austegard, Søndag: Harald Fagerstrand.
- Påmelding:** Innan tirsdag 7.september kl. 21.00 til Lars Arne Kolås,
Mob. 93 45 67 38
E-post: larsarnekolås@gmail.com (OBS sjekk at du får svar om at påmeld. er mottatt).
Bank konto nr: 3640 65 07844 (NHK v/Sverre Dale), eller Vipps til 518215 (NHK),
skriv melding om kven innbetalinga gjeld, vis kvittering for betalt beløp. NB! Ingen
kontantar, det er bra om startkontingenten blir innbetalt lagvis.
- Startkort hentes i sekretariatet seinast 30 min før stemnestart.
Etterpåmelding på stemneplassen seinast 45 minutt før start.
Etterpåmeldingsgebyr kr: 50 pr. kastar ved påmelding etter 31. august.
- Overnatting:** Westland Hotel: tlf. 56 34 21 00 ca 300 m frå stemneplassen.
Avtalte priser Westland 2021: 1200,- enkeltrom, 1400,- dobbeltrom, per natt.
inkluderer frukost. (husk å referere til hesteskolaet sine priser ved bestilling.)
Bruvoll Camping: tlf. 90 92 50 35 ca.10 km frå stemneplassen.
Vågseidstranda Feriesenter tlf. 56 36 00 50 ca 5 km frå stemneplassen.
Alver hotel: tlf. 56 34 38 00 ca 30 km frå stemneplassen.
Kjelstraumen Brygge tlf. 94 85 39 75 ca 25 km frå stemneplassen.
Vike Camping tlf. 56 35 60 20 ca 45 km frå stemneplassen.
Bestill i god tid dersom du treng overnatting, då det er uvisst kor mange hytter eller
rom som er ledige.
NB! Koronatiltak: Arrangør og kasterene må følgje retninglinjene til dei norske
helsemyndighetene, samt sette seg inn i og følgje retningslinjene i Veilederen frå
forbundet.
- Det blir ikkje kiosk på stemneplassen, ta med mat og drikke.*

VELKOMMEN

www.nhk.hesteskokasting.no
www.facebook.com/NordhordlandHK





Det vert arrangert NM / NC–helg i Hesteskokasting ved Borgja på Ålhus i Jølster..

Fredag 13.August: Jølstercup DNC
Lørdag 14.August: NM Mix og NC 4
Søndag 15.August: NC 5

Her er det høve til overnatting innan 8 -18 km frå stemneplassen:

Jølstraholmen Camping, Vassenden	95 29 78 79	post@jolstraholmen.no
Øvrebø Hytter, Vassenden	57 72 71 26	
Jølsterlia Hyttetun, Årdal	57 72 66 30	
Thon Hotell Jølster, Skei	57 72 78 00	
Skei servicesenter (Esso – Skei)	57 72 82 34	

Vi ynskjer alle velkomne til hesteskohelg på Jølster !

Skjold Hesteskoklubb

VEDTEKTER FOR NORGES HESTESKOKASTERFORBUND

§ 1 - Ålmenne bestemmelsar. Norges Hesteskokasterforbund (NHF) består av hesteskoklubbar og grupper innan andre lag som driv med hesteskokasting. Norges Hesteskokasterforbund er det høgaste faglege organ for hesteskokasting.

§ 2 - Krinsar. Norges Hesteskokasterforbund kan inndelast i krinsar/distrikt når det vert trong for det.

§ 3 - Føremål. Norges Hesteskokasterforbund sitt formål er å fremje hesteskosporten i Norge ved å arbeide med utvikling og informasjon om sporten og arbeide for samarbeid mellom laga.

§ 4 - Medlemer. Eitkvart lag eller gruppe innanfor lag som driv med hesteskokasting kan takast opp som medlem i Norges Hesteskokasterforbund. Medlemskap vert oppnådd ved innbetaling av årskontingent for medlemskap i Norges Hesteskokasterforbund.

Gruppe 1: lag med 1 - 5 medlemer -	skal bet. grunnkontingenten
Gruppe 2: lag med 6 - 15 medlemer-	" « 2 x - " -
Gruppe 3: lag med 16 - 30 medlemer	" " 3 x - " -
Gruppe 4: lag med 31 - 50 medlemer	" " 4 x - " -
Gruppe 5: lag med over 50 medlemmer	« « 5 x - « -

§ 5 - Representasjon. Utøvar kan ikkje vere medlem av fleire hesteskoklubbar/grupper samstundes. Skifte av klubb i sesongen skal godkjennast av styret i NHF.

§ 6 - Dei styrande organ. Norges Hesteskokasterforbund vert leia av:

- 1: Årsmøtet
- 2: Leiarmøte
- 3: Hovedstyret

§ 7 - Årsmøtet. Norges Hesteskokasterforbund sitt høgaste organ er årsmøtet som skal haldast annankvart år innan utgangen av februar. På årsmøtet møter med stemmerett:

1. Hovedstyret.
Hovedstyret har ikkje røysterett på årsmelding og rekneskap.
2. Representantar for kvart lag som har betalt medlemskontingen for siste året:

Gruppe 1:	1 representant
Gruppe 2:	2 representantar
Gruppe 3:	3 representantar
Gruppe 4:	4 representantar
Gruppe 5:	5 representantar
3. Leiar i lovutval

Representantane kan berre avgje 1 stemme kvar.

På årsmøtet kan møte, uten stemmerett, men med tale og forslagsrett:

1. Leiar for valnemnda.
2. Revisor.
3. Øvrige medlemmer av lovutval.

Medlemslag som har rett til berre ein representant på årsmøtet, kan også møte med ein observatør som har talerett. Forbundet nyttar reisefordeling når det gjeld lagsutsendingar til årsmøtet.

§ 8 - Innkalling, tidsfristar m.m. Hovedstyret kallar inn til årsmøte ved melding til medlemslaga minst 6 veker før møtet vert halde. Forslag som nokon ynskjer oppsett på sakliste må vere kome til hovedstyret minst 4 veker før årsmøtet vert halde. Alle forslag må vere grunngjevne. Sakliste med innkomne forslag, årsmelding og eit utdrag av revidert rekneskap avslutta pr. 31.12, må vere sendt medlemslaga seinast 14 dagar før årsmøtet.

§ 9 - Årsmøtet sine oppgåver og ansvarsområde.

Årsmøtet skal:

1. Godkjenne dei frammøtte representantane.
2. Godkjenne sakliste og dagsorden.
3. Velje møteleiar, referent og 2 representantar til å skrive under møteboka.
4. Handsame referat frå leiarmøte i det mellomliggande året.
5. Handsame hovedstyret si årsmelding.
6. Handsame det reviderte rekneskapet.
7. Handsame endringar i vedtekter og regelverk
8. Fastsetje kontingentar og avgifter for dei to komande år etter regel 6.
9. Fastsetje budsjett for dei to komande åra.
10. Handsame innkomne forslag.
11. Gjere vedtak om saker som skal tilleggast leiarmøtet og gjerast vedtak i.
12. Velje følgjande tillitsvalde:

A) Til hovedstyret:

Leiar, vald for 2 år.

2 styremedlemmer, valde for 2 år

Dessutan 3 varamedlemmer i rekkjefølgje til styret

B) Valnemnd: Leiar og to medlemmer.

C) Revisor og vararevisor.

D) Lovutval: Leiar og to medlemmer

Det skal førast protokoll over sakshandsaminga i årsmøtet. Denne protokollen skal innehalde alle framlegg og vedtak og skal sendast til medlemsklubbane innan 1. april

§ 10 - Sakshandsamings- og røystereglar på årsmøtet. Årsmøtet er vedtaksført med det tal representantar som er til stades. Forslag om endring av vedtekter og regelverk kan ikkje takast opp til handsaming uten å vere ført på den utsende saklista. Forslag som ikkje er førde opp på saklista (benkeforslag), kan takast opp til drøfting og røysting når 2/3 av dei tilstandeverande med røysterett krev det.

Alle val føregår skriftleg om nokon krev det. Føreligg det berre 1 framlegg kan valet føregå med akklamasjon. Blanke stemmesetlar tel ikkje, og vert reikna som ikkje avgjevne.

Alle vedtak vert gjort med alminneleg fleirtal. Unnateke er endring av NHF sine vedtekter (sjå § 19)

§ 11 - Ekstraordinært årsmøte.

Ekstraordinært årsmøte kan kallast inn av hovedstyret, og må innkallast dersom minst 1/3 av dei tilslutta laga krev det. Slik innkalling må skje med 4 vekers varsel. Ekstraordinært årsmøte kan berre handsame saker som er førde på saklista. Same reglar som for ordinært årsmøte gjeld.

§ 12 - Leiarmøte.

1. Det skal årleg haldast eit leiarmøte som skal avgjere dei saker som går fram av denne §, samt dei oppgåver som siste årsmøte tillegg dei gjennom vedtak.
2. Leiarmøtet skal kallast inn av hovedstyret med minst 4 vekers varsel til medlemslaga, og revidert rekneskap og årsmelding skal vere utsendt medlemslaga minst 14 dagar før møtet vert halde. Møtet bør avviklast i samband med NM eller nasjonalt NC-stemme, og bør avviklast slik at medlemslaga vert best mogeleg representert.
3. Leiarmøtet skal ha denne samansetninga:
 - a. Hovedstyret. (Dei har ikkje røysterett når det gjeld rekneskap og årsmelding). Leiar i hovedstyret er leiar for leiarmøtet.
 - b. Representantar frå medlemslaga som i § 7.2.
 - c. Leiar i lovutval.
4. Følgjande saker skal handsamast på leiarmøta dei åra det ikkje er årsmøte:
 - a. Årsmelding for forrige år.
 - b. Rekneskap for forrige år
 - c. Saker som ikkje kan utsettast til ordinært årsmøte.
 - d. Saker som er tillagt leiarmøtet av forrige årsmøte.
5. Følgjande saker skal handsamast på leiarmøta dei åra det er årsmøte:
 - a. Velje to styremedlemmer for 2 år. Styremedlemmene tiltrer frå fyrstkomande årskifte.
 - b. Saker som er tillagt leiarmøtet av forrige årsmøte.
 - c. Saker som ikkje kan utsettast til ordinært årsmøte.
5. Det skal førast protokoll over sakshandsaminga på leiarmøtet. Denne skal underskrivast av leiar og to valde representantar og skal framleggast for påfølgande årsmøte for godkjenning. Referat frå leiarmøtet skal sendast medlemsklubbane seinast 1 månad etter møtet

§ 13 - Hovedstyret.

Hovedstyret leiar NHF mellom årsmøta/leiarmøta.

Det nye styre tiltrer 8 dagar etter avslutta årsmøte. Det avgåtte styret skal innan 4 veker etter årsmøte ha overlevert alt forbundet eig, samt revidert rekneskap til det nye styret.

Hovedstyret er samansett av leiar og 4 styremedlemmer, dei konstituerer seg sjølv og vel nestleiar, sekretær og kasserar.

Alle vedtak vert gjort med alminneleg fleirtal. Styret er vedtaksført når minst 3 medlemer er tilstades.

§ 14 - Hovedstyret sine oppgåver og ansvar.

Hovedstyret skal:

1. Arbeide for rekruttering og utvikling av hesteskosporten.
2. Iverksetje årsmøtet sine vedtak og bestemmelsar.
3. Utarbeide årsmelding, legge fram rekneskap og tilrettelegge saker for årsmøtet, samt syte for innkalling.
4. Syte for innkalling og sakstilfang for leiarmøtet. Jmfr. § 12 og § 14.3
5. Syte for at forbundet sine vedtekter og regelverk vert halde.
6. Fordele stemmer etter først å ha innhenta søknader frå interesserte arrangørar.
7. Bestemme stad for neste årsmøte.
8. Informere tilmelde klubbar om vedtak i styret/lovutval og anna av betydning for hesteskosporten.

§ 15 - Innkalling av hovedstyret. Leiaren kallar inn til styremøta. Styremøta skal også haldast når minst 3 av styret sine medlemer krev det.

§ 16 - Arbeidsutval. Hovedstyret har høve til å opprette arbeidsutval på to medlemer, leiaren samt 1 av styremedlemene.

§ 17 - Lovutvalet.

Lovutvalet kan uttale seg om dei lovtekniske sidene ved endringar i vedteker og regelverk og om tolkingar av same, som vert lagt fram for det. Lovutvalet kan sjølv legge fram forslag.

Lovutvalet har fullmakt til å føreta kosmetiske endringar i vedtekter og regelverk.

Lovutvalet er vedtaksført når 2 av medlemene er til stades.

§ 18 - Tilsette funksjonærar. Styret i NHF har høve å tilsetje funksjonærar når dette er godkjent av årsmøtet, og tilhøve ellers ligg til rette for det.

§ 19 - Endringar i vedtektene. Endringar i disse vedtektene kan berre gjerast på ordinært årsmøte. Det krevst 2/3 fleirtal av dei røysteføre i årsmøtet.

§ 20 - Oppløysing. Forslag om oppløysing av forbundet må handsamast på årsmøtet. Gyldig vedtak krev 3/4 fleirtal. Blir oppløysing vedteke bestemmer årsmøtet over forbundet si eige, som berre kan brukast til idrettslege formål.

REGLAR FOR HESTESKOKASTING

NB

Hesteskokonkurransar blir avvikla etter forskjellige måtar/metodar (Kapittel4). Tradisjonelle metodar, såkalla «mann-mot-mann»-metodar er Seriemetoden, Gloppen-metoden, Dobbel Gloppen-metode, Cup-metoden. Kastarane får skårpoeng etter regel 21, og kamppoeng etter regel 22.

Andre metodar er Kongelags-metoden og X-kast. Kastarane får her poeng etter avstaden skoen ligg frå stikka etter regel 23. Dessutan har vi hesteskogolf, regel 46.

Hesteskokasting blir som regel avvikla i to avdelingar: innleiande kasting og avsluttande kasting, der en innleiande kastinga er kvalifisering til den avsluttande kasting.

I tillegg til singlekasting blir det også avvikla konkurransar i parkasting (regel 11.5) og lag (regel 51)

Merk: Når det i regelverket står deltakar så meiner ein paret i parkast og personen i singlekasting.

Kapittel 1: Utstyr, bane, avvikling, organisering.

Regel 10: Utstyr, bane

1. Hestesko som skal nyttast under konkurranse skal ha den tradisjonelle norske hesteskoforma. Hestekoens skal være tilnærma oval. Høla i skoen, sporet og greva på undersida av skoen kan sløyfast. Overflata kan være ru, "prikka". Alle former for utradisjonelt tilleggsutstyr som skruar, muttrar, krokar, o.l. er ikkje tillate. Skotypen skal dessutan være tilgjengelege for kastarar flest. Fylgjande maksimums mål gjeld: Vekt: 615 gram, breidde 140 mm, lengde 155 mm, opning 80 mm, grev inkl. gods 35 mm.
2. Kvar deltakar skal nytte 2 skor ved avvikling etter tradisjonelle kastmetodar, Ved bruk av andre kastmetodar skal det nyttast 4 skor.

Kvar deltakar skal kaste alle skorne etter kvarandre.

3. Det skal kastast på ei flat bane mot ei jarnstikke med diameter 18-22 mm og med ei høgd over bakken på 22-30 cm. Ein skal stå ved ei kaststikke og kaste mot ei anna kaststikke. Avstanden mellom stikkene: 10 m. Det kan godtakast ein avstandsvariasjon på +/- 5 cm mellom stikkene. Området rundt kaststikkene, ein sirkel med radius på minimum 1 meter, skal være grus/sand.

Regel 11: Generelle bestemmelsar

1. Når eit hesteskokast skal utførast skal kastaren stå ved ei kaststikke. Kastaren kan stå inntil 20 cm frå stikka med fremste tåspiss.
2. Deltakarane må ikkje forstyrre kvarandre under kastinga, og heller ikkje snakke over bana.
3. Arrangør avgjer avviklingsmetode, - som kan varierast frå klasse til klasse. Avviklingsmetode for NM og nasjonale NC-stemner skal godkjennast av NHF.
4. Kastarane skal bytast om å kaste som nr. 1 og 2 (og 3). Kastar ein i feil rekkefølge skal dette rettast opp ved neste stikke. **(tradisjonell)**
5. Ved parkasting står ein kastar frå kvart av dei deltakande par ved den eine stikka, dei andre ved motsatt stikke. Kastarane har ikkje lov til å pendle mellom stikkene under konkurransen. Kastarane som danner par skal nytte same skor. Kastarane skal gjennomføre heile konkurransen på den banehalvdelen der vedkomande startar. **(tradisjonell)**
6. I singelkasting kan to/tre personar som konkurrerer stå ved ei stikke, og to/tre personar som konkurrerer mot kvarandre stå ved motsett stikke. Kastarane kan her pendle mellom stikkene, men ikkje før alle sko er kasta. **(tradisjonell)**

7. Deltakarar som ikkje er kvalifisert til avsluttande kasting, skal etter innleiande kast, evt. etter mellomrunde, rangerast etter kamppoeng, ved lik kamppoeng etter skår (GM). Ved bruk av X-kast som innleiande kasting skjer rangeringa etter poeng.

8. Antal kastrunder kan varierast innan dei enkelte klasser/grupper.

Totalt antal kastrundar pr. konkurranse er avgrensa slik:

1 dags stemne: 2 deltakarar pr. bane under innleiande kasting, inntil 18 kastrundar.

3 deltakarar pr. bane under innleiande kasting, inntil 14 kastrundar.

2 dagars stemne: Overstående antal rundar kan aukast til høvesvis 32 og 25 kastrundar.**(tradisjonell)**

9. Når avsluttande kasting vert avvikla etter cupmetoden (regel 45) skal det nyttast seeding i fyrste cuprunde både i gruppe A og gruppe B. Juryen avgjer om det skal nyttast seeding i dei andre cuprundene.

Seedinga skal skje på følgjande måte: Deltakarane som er kvalifisert til avsluttande kasting skal rangerast etter oppnådde kamppoeng og skår under innleiande kasting og inndelast i 3 puljer, A, B og C. Den beste tredjedel vert fordelt til pulje A, nestbeste til pulje B og dei siste til pulje C. Ved to deltakarar pr. bane i cupen skal deltakarane fordelast i to puljer. Det skal trekkjast ein deltakar frå kvar av puljene til kvar bane.

Skal det nyttast seeding i fleire enn fyrste runde skal det føretakast ny rangering og inndeling i puljer som nemnt ovanfor mellom dei attværande deltakarane.

Ved få deltakarar i ei klasse, dvs. 6 eller færre som er kvalifisert for avsluttande kasting kan seedinga føregå slik: Best rangerte deltakar etter innleiande kasting møter svakast rangerte deltakar, nestbeste deltakar møter nest svakast deltakar, osv.

10. Kastar ein kastar mot feil stikke skal det kastast på nytt.

Regel 12: Stemneavvikling terminfesta stemne.

1. I par-kast skal "paret" som hovudregel stå som medlem av same klubben. To kastarar frå ulike klubbar kan danne "par" dersom deira respektive klubbar skriftleg godkjenner dette. Godkjenninga skal fylgje påmeldinga.

I spesielle høve kan juryen godkjenne par med deltakarar frå ulike klubbar.

2. Terminfesta stemner skal avviklast med:

A - innleiande kasting, metodar:

Regel 40 - Seriemetoden eller

Regel 41 - Gloppen-metoden eller

Regel 43 - X-kast eller

Regel 47 – Nordhordlandsmetoden (NHM)

B - Evt. Mellomrunde, metode:

Regel 42 - Dobbel Gloppen-metode

C - avsluttande kasting, metodar:

Regel 44 - Kongelagsmetoden eller

Regel 45 - Cup-metoden eller

Regel 47 - NHM

D - Heile konkurransen blir avvikla etter regel 43 - X-kast eller NHM

E - Ved bruk av pkt. B, mellomrunde, er størst antal deltakarar i avsluttande kasting avgrensa til 12.

F - NM og nasjonale NC-stemner skal alltid avviklast med minst eit element av tradisjonelle metodar (sjå innleiing til regelverket). Unntak NM X-kast og NM hesteskokgolf – sjå regel 91.6

3. Når eit stemne blir avvikla med innleiande kasting og avsluttande kasting skal flest mogeleg av deltakarane gå vidare til avsluttande kasting, evt.mellomrunde. Av deltakarane som skal delta i den avsluttande kastinga, evt. mellomrunde, skal min. 50 % og max. 75 % gå til A gruppa, resten til B gruppa.
Dersom den avsluttande kastinga blir avvikla etter cupmetoden, regel 45, må deltakartalet i dei to gruppene, A og B, være slik at flest mogeleg av dei første cuprundene blir avvikla med tre deltakarar pr. enkeltbane. Men likevel slik at det ikkje blir fleire cuprunder med tre deltakarar pr. enkeltbane i B gruppa enn i A gruppa.
Dersom det er 14 deltakarar eller mindre i ei klasse bør det ikkje inndelast i A og B gruppe. (ang. seeding sjå regel 11.11).
4. I terminfesta stemne kan ein eller fleire av dei best rangerte deltakarane etter innleiande kasting få «walk over» i 1. cuprunde, dvs. den/dei er direkte kvalifisert for 2. cuprunde.
Skal denne regel nyttast må det være minimum 8 deltakarar som er kvalifisert for avsluttande kasting i kvar gruppe. Det skal ikkje være fleire enn 3 deltakarar pr. gruppe som får «walk over». Juryen avgjer om regel 12.4 skal nyttast.

Regel 13: Organisering av hesteskokonkurranse.

1. Ved alle terminfesta stemner skal arrangøren oppnemne ein stemneleiar. Stemneleiaren er ansvarleg for at eit hestskostemne blir avvikla på ein best mogeleg og effektiv måte. Stemneleiaren har hovedansvaret for:
 - at bana er i tilfredstillande stand og at nødvendige hjelpemiddel, som for eksempel jernriver og slegger, er på plass.
 - at nødvendig informasjon, som kastnøklar, startlister osv, er lett tilgjengeleg for deltakarane.
 - at sekretæriet har tilfredsstillande bemanning, og at det fungerer optimalt.
2. Ved alle terminfesta stemner skal det oppnemnast ein stemnejury som skal ha fylgjande medlemer:
 - A: Leiar (oppnemnd av NHF) B: Stemneleiar C: Ein kastar, ikkje medlem av arrangørklubb, (oppnemnd av arrangør).
 - Juryen er den høgste myndigheit på stemnet og juryen sine avgjerder er endelege.
3. Juryen sine oppgåver:
 - 1:Juryen skal sjå etter at konkurransen vert gjennomført etter NHF sitt reglement.
 - 2:Juryen kan gripe inn og foreta endringar i stemneavviklinga om forholda tilseier det.
 - 3:Godkjenne bana.
 - 4:Godkjenne trekning av cuprunder.
 - 5:Ta avgjerder i tvilstilfelle.
 - 6:Handsame protester.

- 7:Bestemme antal kastrundar. Bestemme antal deltakarar til avsluttande kasting, og eventuell mellomrunde.
- 8:Avgjere om eit stemne skal avbrytast (regel 96)
- 9:Bestemme utgang for klasse 2 (regel 30.7)
- 10:Kan godkjenne par etter regel 12.1
- 11:Bestemme evt. w.o. 1.cuprunde (regel 12.4)
- 12:Leiaren for juryen skal sende stemnerapport om arrangementet til leiarenfor NHF dersom NHF sitt regelverk ikkje er følgt, eller det har vore protestar under stemnet.
- 13:Bestemme om evt. auke utgangen i finalen til 30 skårpoeng (regel 21.6)
- 14:Bestemme om seeding skal nyttast i meir enn i fyrste cuprunde (regel 11.11)
- 15:Evt. ta avgjerder etter kapittel 7.
- 16:Antal kastarar pr. kongelag og antal kongelag og evt. cuprunder (regel 44)
- 17:Ta bestemmelse etter regel 30.7
4. Protestar skal leverast til leiaren av juryen snarast råd og seinast 15 min. etter at resultata er kunngjort.
Ved klare arrangørfeil er ikkje protestfristen tidsavgrensa. Protestar må likevel vere innleverte i så god tid at stemnet ikkje vert unødig seinka. Protestar som er levert i rett tid skal handsamast av juryen snarast. Funksjonærar og deltakarar som er direkte involvert skal uttale seg før juryen tek si avgjerd.

Kapittel 2 - døming, poenggjeving

Regel 20. Døming, generell.

1. Arrangøren kan pålegge kastarane å dømme, og å notere poeng på utdelte startkort. I terminfesta stemner skal det være banedomarar i finalane i A gruppa.
2. Ved sjølvdomming kan kastarar under 15 år ha med seg ein representant som ivaretek deira interesse.
3. Dersom kastarane ikkje er samde om fordeling av skårpoeng skal juryen eller ein annan erfaren kastar avgjere.
4. Dersom ein sko vert slegen sund under kasting, kan det kastast ein ny sko. Vert det kasta med feil sko skal det kastast på nytt, dersom ikkje dei involverte deltakarane blir einige om å godta kastresultatet som det er.
5. Kastarane skal ikkje ta opp skorne før fordeling av skårpoengpoeng er fastsett. Dersom ein sko som kunne gje poeng vert flytta på før skårpoenga er dømde, gjeld følgjande regel:
 1. Skoen skal kastast på nytt dersom ein tredje person har flytta skoen.
 2. Den deltakaren som har flytta skoen i ein slik situasjon får ikkje poeng.

Regel 21 - Skårpoeng. (Tradisjonell)

1. Alle sko som ligg rundt stikka (ring) gjev 3 skårpoeng. Dvs. ein må kunne trekke ei rett linje mellom endane på skoen, linja kan tangere stikka.
2. Ligg ingen av skorne rundt stikka når alle har kasta, vil den skoen som ligg nærmast stikka telje 1 skårpoeng.
3. Dersom ingen av kastarane har kasta ein sko rundt stikka, og det ikkje er muleg å skilje kven av skorne som er nærmast stikka, skal neste beste sko telje. Dersom det også er umuleg å skilje disse, vil kvar kastar få 1 skårpoeng.
4. Dersom ein deltakar har 2 sko som gjev høgre skårverdi enn beste sko til motstandar, gjev begge skorne skårpoeng.
5. Den deltakaren som først når 21 skårpoeng (utgang) eller meir har vunne kampen. Ved lik skårpoeng på 21 eller meir er det uavgjort kamp.
6. I finalen kan likevel juryen auke utgangen til 30 skårpoeng.

Regel 22 - Kamppoeng, rangering (Tradisjonell)

1. Kampoppsett, to deltakarar pr. bane:
Vinnaren av kvar kamp får 2 kamppoeng. Taparen får 1 kamppoeng dersom vedkomande har oppnådd 11 i skår. Oppnår ikkje taparen denne skåren får vedkomande 0 kamppoeng. Ved uavgjort kamp får kvar av deltakarane 1,5 kamppoeng.
2. Kampoppsett, tre deltakarar pr. bane:
Vinnaren av kvar kamp får 2 kamppoeng. Nr. 2 får 1 kamppoeng. Nr. 3 får 0 kamppoeng. Ved lik skår deler deltakarane kamppoenga. På dei baner det evt. er berre to deltakarar, får vinnaren 2 kamppoeng og taparen får 1 kamppoeng.
3. Etter innleiande kasting og evt. mellomrunde skal deltakarane rangerast etter oppnådde kamppoeng. Er kamppoenga like for to eller fleire deltakarar skal disse rangerast innbyrdes etter eigenskår. Er også eigenskåren lik, tel evt. innbyrdes oppgjør. Ved bruk av seriemetoden skal rangeringa skje innan kvar serie.
Har ikkje deltakarane møttes innbyrdes, går den føre som har høgast skår i enkelt kamp, er også den lik, tel nestbeste resultat osv.
Er det tre eller fleire deltakarar som står likt, fell bestemmelsane om innbyrdes oppgjør bort.
4. Deltakarar som har hatt w.o. vil få 2 kamppoeng og 21 skårpoeng.

Regel 23 - Poenggjeving (andre metodar)

1. Poengverdien for kvar deltakarar vert fastsett etter kvar omgang. Alle skorne i kvar omgang tel i poengsamandraget for kvar deltakarar. Følgjande poengskala skal nyttast:
Ring, jmf. regel 21.1 = 5 poeng
Sko mellom 0 cm - 5 cm frå stikka = 3 poeng
Sko mellom 5 cm - 20 cm frå stikka = 2 poeng
Sko mellom 20 cm - 50 cm frå stikka = 1 poeng
Avstanden skal målast frå stikka til næraste punkt på skoen.

Kapittel 3. Klasser

30. 1. Ein hesteskokonkurranse kan ha følgjande klasser: Klasse 1, klasse 2 og juniorklasse. I hesteskogolf skal det være dame-klasse og herre-klasse.

2. Definisjonar: Klasse 1 er ei open klasse både for damer og herrar. Klasse 2 er ei open klasse for nybyrjarar og elles andre som den enkelte klubb meiner ikkje er kvalifisert for klasse 1. Juniorklassa er for kastarar under 14 år.

Kastarar i klasse 2 og juniorklassa kan delta i høgare klasse, men kan då ikkje gå tilbake til lavare klasse same sesongen utan godkjenning frå NHF.

3. Norgesmeistrar skal berre kårast i A-gruppene. Det skal ikkje kårast Norgesmeistrar i klasse 2 og juniorklassa.
4. Distriktsmeistrar skal kårast i klasse 1 og klasse 2. For å bli kåra som distriktsmeister må vedkomande kome frå ein klubb i det distriktet der meisterskapen blir arrangert.
5. NC samanlagt gjeld berre for klasse 1 og klasse 2.
6. Juryen kan senke utgangen til min. 15 skårpoeng i klasse 2. I juniorklassae kan kastavstanden være under 10 meter og utgangen setjast lavare enn 21 skårpoeng. Arrangøren bestemmer.
7. Dersom det er få kastarar i kl. 2 i eit stemne, kan juryen bestemme at kl. 2 kastarane kan kaste saman med kl. 1 kastarane. Under innleiande kasting får kl. 2 kastarane ein bonusskår på 8 skårpoeng (sp) når dei møter ein kl. 1 kastar, dette gjeld når innleiande kasting blir avvikla med 2 kastarar pr. stikke og også når heile stemnet blir avvikla etter Nordhordlandsmetoden. Dersom avsluttande kasting blir avvikla etter cupmetoden skal kl.2 kastarane plasserast i B-gruppa. Kl.2 kastarane kan ikkje få w.o i første runde. Bonusskår gjeld ikkje under avsluttande kasting. Klasse 2 kastarane vil ikkje miste sine NC-poeng og vil framleis kunne konkurrere i kl.2.

Kapittel 4. Metodar for avvikling av stemner.

1. Norges-Cupstemner og Norgesmeisterskap skal arrangerast etter gjeldande reglar. I andre terminfesta stemner kan ein avvike frå regelverket når det gjeld stemneavvikling. Eventuelt avvik frå regelverket skal vere godkjent av NHF. Det skal også opplysast i innbydinga kva avvik som vil bli gjort. For klasse 2 og juniorklassa kan arrangøren avvike frå regelverket når det gjeld stemneavvikling utan godkjenning frå NHF.

40. Seriemetoden. (innleiande kasting)

1. Ved trekning vert deltakarane inndelt i seriar på inntil 14 deltakarar.
2. Ved stor deltaking kan ein dele deltakarane i 2 eller fleire puljar med ulik starttid.
3. Alle deltakarar i ein serie kastar mot alle andre i serien, to og to mot kvarandre.
4. Ved forfall skal ein, før konkurransen startar, fyller opp dei ledige plassane med etteranmelde, deretter deltakarar frå den siste serien så langt dette er praktisk gjennomførleg.

41. Gloppen-metoden. (innleiande kasting)

1. Deltakarane får fortløpande startnummer etter påmeldinga, eller arrangøren fordeler startnummera ved trekning.
2. Arrangøren avgjer om konkurransen skal avviklast med 2 eller 3 deltakarar pr. bane. Antalet kan variere frå klasse til klasse - gruppe til gruppe. Banefordelinga skal trekkast, eller ein kan nytte NHFs ferdigtrekte kastnøklar.
3. Det skal kastast til første deltakar når 21 skårpoeng (utgang) eller meir. Kampen er då slutt. (sjå regel 21.5)
4. Deltakarane fører sjølve sitt eige startkort. Motstandarane i kvar kamp skal kontrollere at noteringane er rette, og kvittere med startnummer, eigenskår og signatur.

42. Dobbel Gloppen-metode (2GM) (mellomrunde)

1. I tillegg til innleiande kasting, blir Gloppen-metoden også nytta i mellomrunda.
2. Etter innleiande kasting går deltakarane til mellomrunde, fordelt til A- og B- gruppe i samsvar med regel 12.3.
3. Deltakarane tek med seg halvparten av kamppoenga og halvparten av totalskåren frå innleiande kasting til mellomrunda. (evt. desimalar i skåren skal strykast)
4. Antal deltakarar pr. bane i mellomrunda kan være ulikt frå gruppe til gruppe.
Antal deltakarar pr. bane kan være ulikt i innleiande kasting og i mellomrunda.
Antal kastrunder i innleiande kasting og mellomrunda bør være mest mogeleg like.

43. X - kast (kombinert metode)

1. DEFINISJONAR:

Antal sko: Kvar deltakar skal nytte 4 sko under ein X-kast konkurranse.

Omgang: Ein omgang består av 4 kast. Skorne skal kastast etter kvarandre.

Runde: Ei runde består av 5 omgangar. Deltakarane skal kaste dei 5 omgangane etter kvarandre.

Rotasjon: Ein rotasjon vil seie at alle deltakarane i ein serie har kasta ei runde.

Serie: Ein serie betyr dei deltakarane som kastar på same kastbane.

Kastbane: Ei kastbane er der deltakarane i ein serie kastar, jmf. regel 10.3

- 2 Ein X-kast konkurranse består av 10 runder: Heilmatch, 5 runder: Halvmatch, eller 3 runder: Minimatch.
3. Ein serie skal bestå av 2-4 deltakarar.
4. Kvar deltakar har rett på maksimum 4 prøvekast før kvar runde
5. Dei andre deltakarane i serien skal fastsetje, kontrollere og notere poenga for den deltakaren som til kvar tid kastar i serien.

7. Har to eller fleire deltakarar oppnådd same poeng, går den føre som har oppnådd beste «enkeltrunderesultat». Er dette likt, tel neste beste resultat osv.

8. Det skal kastast fram og tilbake.

9. Det skal teljast og registrerast tal ringar i samsvar med regel 48, NR

44 - Kongelagsmetoden (avsluttande kasting)

1. Kvar deltakar skal nytte 4 sko som skal kastast etter kvarandre.
2. Det skal være ein deltakar pr. bane.
3. Det bør ikkje være meir enn 12 deltakarar pr. kongelag. Det kan avviklast kongelagskasting innan alle klasser/grupper. Juryen bestemmer antal kastarar pr. kongelag, og kor mange kongelag pr. klasse/gruppe.
4. Juryen bestemmer om det skal avviklast cuprunde(r) eller ikkje før det blir avvikla kongelagskasting.
5. Det skal avviklast 10 kastomgangar.
Det bør leggest inn rotasjon etter 5., 7. og 9. omgang.

6. Overdomar for kvart kongelag skal gje ordre når kastinga for kvar omgang kan starte.
7. Poengstillinga for kvar deltakar skal opplysast etter min. annankvar omgang.
8. Det skal være domarar som fastset poengverdien for kvar deltakar.
9. Kampspoenga oppnådd under innleiande kasting skal leggstil poenga oppnådd under kongelagskastinga for kvar deltakar.
10. Dersom to eller fleire deltakarar har lik poengsum etter Kongelagskastinga, dvs. etter at poenga frå innleiande kasting er lagt til, går den føre som har best resultat i Kongelagskastinga. Er dette likt tel beste enkeltomgangsresultat osv.
11. Dersom X-kast er brukt som innleiande kasting skal 10 % av poenga leggstil poenga oppnådd under kongelagskastinga for kvar deltakar. Poenga skal avrundast til næraste heile tal. OBS sjå regel 12.2.F.
12. Det skal teljast og registrerast tal ringar i samsvar med regel 48, NR.

45. CUP (avsluttande kasting)

1. I cup kastar 2 eller 3 deltakarar pr. bane. Taparen i ein kamp går ut av konkurransen.
2. Ein held fram med kastinga til det står att 2 deltakarar som kastar finale. Dei tapande i semifinalane skal kaste om plassane etter finalistane.
3. Det skal ikkje være meir enn ein deltakar som vert utslegen i kvar kamp.
4. Arrangøren har høve til å arrangere finalen som best av inntil tre kampar.
5. I cup-kasting må ein vinne med minimum 2 skårpoeng. Med tre deltakarar på bana, der 2 av 3 går vidare, har den deltakaren vunne som først når 21 skårpoeng eller meir, og har 2 skårpoeng eller meir til deltakar nr. 3, Dei to siste deltakarane held fram og kastar til den eine deltakaren når 21 skårpoeng eller meir og har 2 skårpoeng eller meir til den andre deltakaren.
6. Deltakarar som blir utslegne i cupen før semifinalane skal runde for runde rangerast etter kampspoeng og skår etter innleiande kasting. (Sjå regel 21.6 ang. utgang i finale)

Regel 46. Hesteskogolf

1. Hesteskogolf skal føregå i ei løype som ligg i variert terreng/grusbane. I løypa skal det plasserast kaststikker som det skal kastast mot i ei bestemt rekkefølge. Mellom ein del av UP og kaststikkene skal det plasserast hinder av ymse slag. Det skal være variert avstand mellom UP og stikkene .
2. Fyrste kastet mot ei stikke, utgangskastet (UK), skal føregå frå utgangspunktet (UP) som kan være siste stikke ein har kasta mot, eller eit punkt arrangøren bestemmer. Der skoen blir liggande skal neste kast utførast frå, osv.
3. Det skal kastast mot same stikka til det blir oppnådd ”ring”, jmf. regel 21.1.
4. Det skal gjennomførast eit på førehand bestemt antal runder i løypa. Den som har oppnådd færrest kast samanlagt har vunne konkurransen.
5. Har to eller fleire kastarar likt tal kast går den føre som har best enkeltrunderesultat. Er dette likt tel nest beste enkeltrunderesultat osv.
Er det framleis likt får dei involverte kastarane delte plasseringar.

Delte plasseringar gjeld likevel ikkje for plasseringane 1, 2 og 3. Er det likt mellom to eller fleire av disse, går den føre som har flest ringar på fyrste kast. Er det framleis likt tel flest ringar på andre kast osv. Er det framleis likt skal disse i så fall kaste mot tre og tre stikker til kastarane kan skiljast. Juryen bestemmer på kva stikker det skal kastast mot ved omkast.

6. Antal runder: 2-4 runder (alle runder tel i poengsamandraget)

Antal stikker: Min. 9 stk. max. 18 stk.

Avstanden frå UP og til stikka: Min. 5 m. max. 25 m.

Hestesko som skal nyttast: Norsk standard, regel 10.1

Poenggjeving: Antal kast som må utførast til ring blir oppnådd.

Stikker: Norsk standard, regel 10.3

7. Området rundet stikkene, diameter minimum 0,5 m, bør være tilnærma flatt.

8. 3-4 kastarar går saman på runda og dømmer og fører startkort for kvarandre.

Kastarane byter på å utføre fyrst kast mot stikkene, andre kastet utføres fyrst av den som etter fyrste kastet har skoen nærmast stikka, vedkomande kastar skoen til det er oppnådd "ring".

9. Skorne skal kastast på vanleg måte (underhandskast med ei hand).

Kroppsrotasjon er forbudt.

10. Deltakarane nyttar to sko. Etter at kastaren har utført første kast mot ei stikke, skal neste kast utførast frå der skoen ligg. Kastaren skal då stå rett bak første skoen med fremste fot og utføre nest kast osv.

11.I Norgesmeisterskap skal det kastast mot minimum 36 stikker.

Regel 47. Nordhordlandsmetoden (NHM) – (kombinert metode)

(Veiledninger og startkort til NHM kan ein finne på forbundet sine internettsider)

1. Det skal være 2 deltakarar pr. bane. Startlistene skal trekkast når påmeldingane er klar. Startkorta skal ikkje utleverast før startlistene er klare.

2. Startnummer (SN) 1 møter SN 2 i første runde på bane 1, SN 3 møter SN 4 på bane 2 osv. Er det påmelde deltakarantal oddetal, får deltakaren med høgast SN w.o. i første runde. Kampane startar nå sekretariatet gjev klarsignal.

3. Poengberekning som i regel 22.1. Deltakarar med w.o. poengberekning som i regel 22.4.

4. Antal runder: max. 10, min. 5. Det bør avviklast minst så mange runder at det teoretisk kun kan være ein deltakar med full poengpott.

5. Startkorta skal etter kvar runde leverast ferdig utfylt, summert og signert til sekretariatet for kontroll og rangering.

6. I dei påfølgande runder skal best rangerte etter kamppoeng (KP) og skårpoeng (SP), og dersom likhet, etter lavast SN, kaste på bane nr. 1 mot nestbest rangerte osv. Er deltakarantalet oddetal får lavast rangerte deltakar w.o. Ingen deltakar kan ha meir enn 1 w.o. pr. konkurranse. Har lavast rangerte allereide hatt w.o. i konkurransen er det nest lavast rangerte som får w.o. osv.

7. Ingen deltakarar kan møtast meir enn ein gong pr. konkurranse v/ NHM. Dersom to deltakarar som iflg. regel 47.6 skulle ha møttest, og som har møtt kvarandre i tidlegare runde, må ein gå vidare nedover i rankinglista for å finne fram til dei rette motstandarane.

8. Sluttrangeringa skal skje etter regel 22.3

Avsl. kasting etter NHM

9. Ved bruk av NHM som avsluttande kasting skal det nyttast seeding i første runde. Best rangerte deltakar møter lavaste rangerte i si gruppe på bane 1 osv. I dei vidare rundene blir rundeoppsettet som i regel 47.6.

10. Er deltakarantalet slik av det ved avsluttande kasting må bli oddetal i ei gruppe skal dette være i gruppe B, best rangerte deltakarar får då w.o. i første runde.

Regel 48: Norgesranking (NR)

1. NR er ei årleg rangering der kastarane blir rangert i prosent ringar (regel 21.1) i dei stemna som er godkjent som NR-stemne/rankingrunder.
2. NR kan arrangerast lokalt i klubbane, eller i samband med dei terminfesta stemna til NHF.
3. Arrangørar av lokale NR-stemne skal seinast dagen før stemnet melde frå til NHF (minst eit av styremedlemene) og til NC-koordinator.
4. Ved lokale NR-stemne skal kastarane kaste 100 kast pr. rankingrunde. I konkurransar med X-kast eller Kongelag er tal kast det som er bestemt for disse konkurranseformene.
5. To (evt.tre) kastarar pr. bane. Ein kastar, ein (to) fastset og noterer tal ringar. Kastarane på kvar bane byter på å kaste etter kvar 5. omgang. Jmf. regel 43.1.
6. Kastarane skal nytte 4 sko, og det skal kastast fram og tilbake. Jmf. regel 43.8.
7. Det skal være minst 6 -seks- kastarar med på kvart stemne for å få godkjent NR-resultat.
8. Styret i NHF fastset årleg kor mange rankingrunder som er teljande i årsresultatet, og kor mange rankingrunder kastarane må gjennomføre for å få teljande årsresultat.
9. Dei tre som har best årsresultat skal premierast av NHF. Premieringa skal skje på eit av dei fyrste NM eller NC stemna året etter.
10. Resultata frå NR-stemna skal sendast NHF v/ NC-koordinator. NC-koordinator skal kvar månad kunngjer ei mellombels rankingliste.
11. Det er to skjema som skal nyttast i samband med NR: Det eine skal nyttast ved kastinga. Det andre, som er eit samleskjema, skal nyttast til innsending av resultata til NHF. Ved X-kast og Kongelag konkurransar skal tal ringar noterast på startkorta, som må være tilpassa NR. Tal ringar skal først på resultatlistene frå stemnet og sendast NC-koordinator.
12. Det skal årleg oppsettast ei rankingliste, årsresultatet, over dei som har godkjente NR-resultat. Lista skal kunngjerast i handboka komande år, og evt. på ein annan hensiktsmessig måte.

Kapittel 5.Reglar for Norges-cup singel og NM lag.

Regel 50 Norges-cup

50.1 Norges-Cupen (NC) er ein årleg samanlagtkonkurranse singel, der dei beste plasseringane i dei på førehand bestemte NC-stemna tel i samandraget for den enkelte deltakar.

2. Kastarar i klasse 2 (og juniorklassa) kan delta i klasse 1. Dersom skifte av klasse skjer i løpet av sesongen skal vedkomande sine NC-poeng i klasse 2 strykast, utan at det får innverknad på NC-poenga for dei andre i klasse 2. Får ein klasse 2 kastar løyve til å gå tilbake til klasse 2 i løpet av sesongen skal vedkomande sine NC-poeng i klasse 1 strykast utan at det får innverknad på NC-poenga for dei andre i klasse 1.

3. Inntil 60 deltakarar i kvar klasse skal ha NC-poeng i kvart stemne.
4. For å sette opp samanlagt resultatliste for Norges-cupen vert det utdelt poeng til dei beste i kvart stemne slik:

nr. 1 400 poeng	nr. 16 216 poeng	nr. 31 104 poeng	nr. 46 34 poeng
nr. 2 380 poeng	nr. 17 206 poeng	nr. 32 98 poeng	nr. 47 30 poeng
nr. 3 364 poeng	nr. 18 198 poeng	nr. 33 92 poeng	nr. 48 26 poeng
nr. 4 350 poeng	nr. 19 190 poeng	nr. 34 86 poeng	nr. 49 24 poeng
nr. 5 336 poeng	nr. 20 182 poeng	nr. 35 80 poeng	nr. 50 22 poeng
nr. 6 324 poeng	nr. 21 174 poeng	nr. 36 74 poeng	nr. 51 20 poeng
nr. 7 312 poeng	nr. 22 166 poeng	nr. 37 70 poeng	nr. 52 18 poeng
nr. 8 300 poeng	nr. 23 158 poeng	nr. 38 66 poeng	nr. 53 16 poeng
nr. 9 288 poeng	nr. 24 150 poeng	nr. 39 62 poeng	nr. 54 14 poeng

nr. 10 276 poeng	nr. 25 142 poeng	nr. 40 58 poeng	nr. 55 12 poeng
nr. 11 266 poeng	nr. 26 134 poeng	nr. 41 54 poeng	nr. 56 10 poeng
nr. 12 256 poeng	nr. 27 128 poeng	nr. 42 50 poeng	nr. 57 8 poeng
nr. 13 246 poeng	nr. 28 122 poeng	nr. 43 46 poeng	nr. 58 6 poeng
nr. 14 236 poeng	nr. 29 116 poeng	nr. 44 42 poeng	nr. 59 4 poeng
nr. 15 226 poeng	nr. 30 110 poeng	nr. 45 38 poeng	nr. 60 2 poeng

Distrikt Norges Cup stemne gjev 50 % av overstående skala.

5. Styret bestemmer kor mange NC-stemner, nasjonale NC-stemner (NC) og distrikt NC-stemner (DNC) som skal arrangerast kvart år.
Styret bestemmer også kor mange stemner som skal telje i sluttamandraget.
6. Styret bestemmer kor mange DNC-stemner det skal arrangerast i kvart distrikt. Dei fire distrikta er samansette slik:

Distrikt I	Sør- og Austlandet (Aust-Agder, Buskerud, Østfold, Oppland, Vest-Agder, Hedmark, Vestfold, Telemark, Akershus og Oslo)
Distrikt II	Sør-Vestlandet (Rogaland og Hordaland)
Distrikt III	Nord-Vestlandet (Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal)
Distrikt IV	Sør-Trøndelag, Nord-Trøndelag, Nordland, Troms og Finnmark.

OBS: Alle DNC-stemne er opne for kastarar frå alle distrikt !

7. Ved lik samanlagtpoengsum skal beste enkeltresultat telje, og er beste enkeltresultat likt tel nestbeste osv.
8. Styret skal oppnemne ein kontaktperson for Norges-cupen som er ansvarleg for utrekning av resultatliste for Norges-cupen etter kvart stemne. Arrangør av Norgescupstemne skal sende ei resultatliste til kontaktpersonen. Vedkomande skal sørge for at Norges-cupen til kvar tid er oppdatert ppå NHF sine heimesider, og at aktuelle media blir informert.

Regel 51. NM lag

- 51.1 Innleiande kasting skal avviklast etter Gloppen-metoden (GM), avsluttande kasting etter utslagnings prinsippet, med visse tilpassningar.

2. Generelle bestemmelsar.

Banene blir inndelt i seriar â 4 enkeltbaner. Seriane blir nummeret med 1, 2, 3 osv. Dermed kan kastnøklane for GM nyttast. Enkeltbanene innan kvar serie blir merka med A, B, C og D. Laga blir ved trekking tildelt startnummer.

Kvart lag skal bestå av inntil 4 kastarar. Den enkelte klubb skal rangere disse som A, B, C og D. Denne rangeringa skal den enkelte kastar ha under heile konkurransen. (OBS unntak ved evt. omkamp). Kastar A kaster på bane A, kastar B kaster på bane B osv. Klubbane kan stille med fleire lag. Det er ikkje tillat for kastarar å bytte lag under konkurransen. Mixa lag kan delta (dvs. kastarar frå fleire klubbar dannar lag). Dei involverte klubbane skal godkjenne disse laga. Den enkelte klubb må prioritere «reine» klubbtag. Kvart lag skal utnemne ein kaptein som er ansvarleg for føring av startkort og at kastarane på laget stiller på rett serie og bane i kvar kamp. **Alle kampane blir avvikla etter prinsippa i regel 21 og 22. Dette gjeld både innleiande og avsluttande kasting.**

3. Innleiande kasting

2 eller 3 kastarar pr. enkeltbane. Lagmessig rangering som i regel 22.3 med tilpassing. Er kamppoenga (KP) og skårpoenga (SP) lagmessig like og bestemmelsane om innbyrdes oppgjør ikkje kan nyttast, går det laget føre som har høgast samla skår i enkeltrunde, er det også likt tel nestbeste osv. Er det framleis likt, tel høgast skår i enkeltkamp osv.

4. Avsluttande kasting.

2 kastarar pr. enkeltbane:

1. Det laget som lagmessig har flest KP går vidare til neste runde.
2. Er KP like går det laget vidare som lagmessig har flest SP.
3. Er det også likt, gjeld flest SP i enkeltkamp, vidare nestbeste osv.
4. Er det framleis likt skal det kastast omkamp.

3 kastarar pr. enkeltbane:

5. Dei to laga som lagmessig har flest KP går vidare til neste runde.
6. Er KP like går dei laga/det laget vidare som lagmessig har flest SP
7. Som pkt. 3
8. Som pkt. 4.

Bestemmelsane om finalekasting og rangering, regel 45.2 og 45.6 gjeld også for lagkamp (KP og SP lagmessig). Bestemmelsane om seeding og w.o., regel 11.10 og 12.4 kan nyttast (KP og SP lagmessig).

5. Omkamp.

I omkampen skal kvart lag delta med tre kastarar. Det enkelte lag bestemmer kven det skal være, og rangerer disse som A, B og C. Utgangen i omkampar er 15 SP. Enkeltkampane må vinnast med 2 SP. Det laget som vinn to evt. alle tre enkeltkampane går vidare til neste runde.

Kapittel 6. Avgifter/gebyr

- 60.1.** For stemne arrangert av medlemsklubbar i NHF skal det betalast stemneavgift til NHF pr. påmeldt kastar. Det skal ikkje betalast stemneavgift for klasse 2 og juniorklassa og for lokale klubbkonkurransar, konkurransar i poengkasting, o.l. Avgifta vert fastsett av årsmøtet for dei komande 2 åra, og skal innbetalast til NHF sin kasserar innan 1 månad etter konkurransen.
2. Årsmøtet fastset startkontingent for dei komande 2 åra.
 3. Årsmøtet fastset medlemskontingent for dei komande 2 åra. Innbetaling av årskontingent skal vere gjort innan 1.mai. Etter denne dato vert det lagt på eit purregebyr på kr. 100,00.
 4. Årsmøtet fastset tilleggsavgifta i startkontingenten for NC-stemner for dei komande 2 åra. Avgifta skal innbetalast til NHF innan 1 månad etter konkurransen.
 5. Årsmøtet fastset gebyr for etterpåmelding for dei komande 2 åra.

Kapittel 7. Framferd/straff

70.1 Det er forbode å nyte alkohol eller andre rusmiddel på stemneområdet under ein hesteskokonkurranse.

2. Rusa personar, og elles andre som viser uhøvisk framferd kan visast bort frå stemneområdet.

3. Ved brot på gjeldande reglar kan deltakaren miste sine kamppoeng og skårpoeng.

Skjer de fleire brot på gjeldane reglar kan juryen vise deltakaren bort frå bana.

Vil også gjelde dersom dette utøves etter at deltakaren er ferdig med sin kasting.

4. Juryen skal ved bevisst fusk diskvalifisere deltakaren frå konkurransen.

Diskvalifisert deltakar skal visast bort frå bana.

5. Juryen skal rapportere til leiar av NHF om brudd på dette kapittel. Styret i NHF har fullmakt til å utøve ytterligere nødvendige sanksjoner, også på eget initiativ.

Kapittel 9. Andre bestemmelsar.

90. Handbok

1. NHF skal gje ut ei handbok kvart år før sesongstart.

Kvart medlemslag skal ha tilsendt eit eksemplar av handboka. Elles kan medlemsklubbane tinge det antal handbøker dei treng hjå NHF.

2. Handboka skal innehalde:

1. Terminliste for sesongen.

2. Vedtektene for NHF.

3. Konkurransereglement for NHF.

4. Medlemsliste.

5. Adresseliste for valde tillitsmenn.

6. Avgifter, jfm. kapittel 6.

7. Materiell til sals.

8. Liste over Norgemeistrar NC vinnarar og dei beste frå NM, NC og NR siste året.

9. Aktuelt stoff frå siste årsmøte, og elles anna aktuelt stoff.

10. Rekordar og Adelskalendar X-kast og Kongelag.

91. Terminliste

1. Styret i NHF tildeler NM og NC stemner på grunnlag av innkomne søknader. Inntil vidare tildeler styret også distriktsmeisterskap etter søknad.

2. Styret i NHF set opp terminliste der alle stemne skal være med, men unntak av lokale klubbkonkurransar.

3. Søknad om NM og NC stemne skal sendast til NHF v/ leiaren innan den frist styret fastset. Innan same fristen må det også vere innsendt melding om andre stemne som skal inn i terminlista.

4. I søknaden/meldinga om stemne skal det takast med:

1. Namn på arrangementet.

2. Tid (dato og klokkeslett.)

3. Stemnetype.
4. Stad 5. Kontaktperson.
5. Fylgjande stemne skal arrangerast årleg:
1. NC 2. NM-singel 3. NM-par 4. NM-mix-par 5. NM Hesteskogolf 6. NM X-kast, heilmatch. 7. NM lag. Alle disse stemna er opne, bortsett frå NM, viser til regel 91.6
6. Norgesmeisterskap er opne for kastar som:

A: Er medlem av hesteskoklubb/gruppe som er tilslutta NHF, og dessutan har vore medlem av den aktuelle klubb/gruppe i minst 1 månad før NM, **eller**

B: Er busett i Norge, og har vore det dei 3 siste månadene før NM.

Dersom NM singel også er teljande i Norgescupen gjeld ikkje punkta A og B.

Styret, evt Juryen kan i spesielle tilfelle, også gje kastarar som ikkje stettar krava i punkta A og B løyve til å delta i Norgesmeisterskap.
7. Om det melder seg arrangørar skal det arr. distriktsmeisterskap både for par og singel.
8. Terminlista skal leggjast fram på årsmøtet.
9. Terminlista skal vere utsendt til alle medlemsklubbane innan utgangen av mars. Klubbane skal sende terminlista til alle interesserte kastarar i klubben.
10. Terminlista skal innehalde:
 1. Kva slag arrangement.
 2. Dato/dag.
 3. Stad
 4. Arrangørklubb med adresse.
 5. Kontaktperson/adresse/telefon
 6. Postgiro eller bankgironummer til arrangøren.
 7. Leiaren av juryen

92. Innbyding/påmelding

1. Innbyding skal sendast skriftleg til alle lag i medlemslista. I innbydinga skal ein nytte det korrekte namnet på arrangementet iflg. terminlista.
2. Dessutan skal det i innbydinga informerast om:
 1. Stemnetype og avviklingsmetode.
 2. Når og kvar konkurransen skal haldast.
 3. Siste frist for påmelding og adresse for påmelding.

Påmeldingsfristen skal ikkje være tidlegare enn 14 dagar før konkurransen.
 4. Frist for henting av startkort.
 5. Reiserute, evt.kiosk på stemneplassen og overnattingsmulegheter.
 6. Evt. avvik frå regelverket (sjå kapittel 4.1)
3. Laga står for påmelding av deltakarar til stemner, og står også ansvarleg for at startkontingenten til dei som er påmelde vert betalt. Startkontingenten skal betalast sjølv om påmelde deltakarar ikkje møter til start.

4. Einskildpersonar som melder seg på til stemne skal betale startkontingenten ved påmelding. Einskildpersonar skal ikkje registrerast som deltakar før startkontingenten er betalt.
5. Ved påmelding etter påmeldingsfristen, kan arrangøren pålegge dei etterpåmelde eit ekstragebyr pr. deltakar.
6. Laga er ansvarlege for at deira medlemer blir påmelde i rett klasse.

93. Stemneinformasjon.

Ved alle stemner skal det informerast på best mogeleg måte om følgjande:

2. Namnet på dei viktigaste funksjonærane og namnet på jurymedlemene.
3. Startliste med klasse, namn, klubb og startnummer for kvar deltakar og evt. pulje og serienummer.
4. Kastnøklar
5. Så snart som mogeleg etter stemneslutt, og evt. protestar er handsama, skal offisielle resultat kunngjerast.
6. Resultalistene skal sendast NHF sin web-ansvarlege, evt. NC-koordinator, og aktuelle media så snart råd er. Web-ansvarlege skal legge resultatlistene ut på NHF sine heimesider.
6. Resultatlistene skal innehalde følgjande:
 - A. Namnet på arrangementet
 - B. Stemnetype og avviklingsmetode
 - C. Namn på jurymedlemene
 - D. Stad, dato og arrangør
 - E. Antal påmelde og antal startande deltakarar i kvar klasse.
 - F. Premiering, totalt og i kvar klasse/gruppe
 - G. Namn, klubb og plassering på alle som deltok.

94. Premiering.

1. I NM- og NC stemner skal ca 1/3 av deltakarane i kvar klasse premierast.
2. All premiering i terminfesta stemner bør merkast med: stemne, klasse og plassering.
3. Premieringa i klasse 2 skal vere minimum 1/3 av deltakarane i klassa.
4. Premieringa i gruppa A skal være betre enn i gruppe B.
5. I klasse 1 skal det delast ut medaljar til dei tre beste i NC-sluttsamandraget. Styret bestemmer elles kor mange som skal premierast i sluttsamandraga, og syter også for premieringa.

96. Avlyste/avbrotne stemner

1. Skjer avlysinga før stemnet har teke til skal det om mogeleg arrangerast på nytt så snart som råd er, evt. med ny arrangør. Den opprinnelege arrangør har rett å halde tilbake inntil kr. 5.- av startkontingenten pr. påmeldt deltakar til dekning av sine utgifter.
2. Må stemnet avlysast av grunnar som berre skuldast arrangøren skal all innbetalt startkontingent tilbakebetalast.
3. Blir stemnet avbrote etter at kastinga har teke til, men mindre enn halvparten av antal kastrunden, inkl. cupkastinga, er avvikla, gjeld det same som under regel 96.1
4. Blir stemnet avbrote etter at minst halvparten av antal kastrundar, inkl. avsl.kasting, er avvikla er stemnet teljande. Resultatlista skal settast opp på grunnlag av avvikla kasting, basert på kamppoeng og eigenskår.
5. Avgjerd om eit stemne skal avlysast/avbrytast skal takast av juryen.

6. Dersom ein kastar trekker seg under innleiande kasting får alle som han har møtt og skal møte w.o. Kastaren som trekker seg blir uplassert i stemnet. Har kastaren fullført innleiande kasting og så trekker seg, blir vedkomande rangert sist i den gruppa han ville ha blitt plassert i. Ingen andre kastar rykker opp på hans plass i den avsluttande kastinga.
7. Trekker ein kastar seg der heile konkurransen blir avvikla etter såkalla ” andre kastmetodar” må vedkomande ha fullført minimum halvparten av kastrundene får å bli rangert i stemnet.

99. Rekordar/adelskalendar

1. Det skal noterast nasjonale rekordar i Kongelagskasting og X-kast (både heilmatch, halvmatch minimatch), rekordane skal noterast både for damer og herrar..
2. Det skal førast adelskalendar både for damer og herrar i Kongelagskasting og X-kast (både heilmatch, halvmatch og minimatch). Adelskalendaren skal årleg ajourførast.
3. Damer som i NC-stemne deltek i klasse 1 og klasse 2 får sine rekordar/resultat notert i dameklassa.
4. Kongelag: Poeng oppnådd under innleiande kasting skal ikkje telje med.
5. Stemne:
For at resultat skal bli godkjent som rekord eller bli oppført i Adelskalendaren må stemnet være oppført på den offisielle terminlista til NHF.

Resultat frå andre stemne kan også godkjennast, men då må arrangøren på førehand

melde frå om stemnet til NHF med minst 3 dagars varsel. Det må dessutan være minst 10 deltakarar som deltek.

Kapittel 10. Diverse vedtak.

100.1.Reisefordeling (*Vedteke av leiarmøte i Innvik 26.8.95 etter fullmakt frå årsmøtet '95.*

Seinare tillegg vedteke på årsmøtet '96. Seinare endringar vedteke på årsmøtet 2011)

Til årsmøta i NHF skal det nyttast reisefordeling pr. frammøtt representant med stemmerett frå medlemsklubbane. Styret skal godkjenne, evt. korrigere, reiserekningane frå medlemsklubbane. Reiserekningane må være styret v/ kasserar i hende seinast 14 dagar etter årsmøtet. Utbetaling til klubbane skal skje seinast ein månad etter årsmøtet.

100.2

Styret kan redusere evt. avvise reiserekningar som er urimeleg store. Styret sine avgjerder er endelege. Ved bruk av privatbil er forutsetninga at ein klubb med rett til 2 eller fleire representantar reiser i ein bil. Vidare bør to eller fleire klubbar reise saman der dette er praktiske mogeleg. Fly kan nyttast der andre reisealternativ tek uforholdsmessig lang tid.

100.3Satsar for reisefordeling:

1. Faktiske reiseutgifter skal leggst til grunn.
2. Ved bruk av privatbil fastset styret for kvart årsmøte kva km-sats som skal nyttast, samt tillegg pr. km pr. passasjer
3. Reisetidskompensasjon. Dvs. tillegg til faktiske reiseutgifter etter total reisetid (tur/retur) pr. representant:

3 - 5 timar	kr. 200,-
5 - 7 timar	kr. 300,-
7 - 10 timar	kr. 400,-
10 - 13 timar	kr. 500,-
over 13 timar	kr. 600,-

100.4 Reisefordelingsfond..

Alle medlemsklubbar skal årleg betale til eit reisefordelingsfond eit tilskot på grunnkontingenten for kvar representant dei har rett til å ha på årsmøtet, jmf. vedtektene § 4 (dvs. same sum som medlemskontingenten). Innbetalingane til reisefordelingsfondet skal fordelast på det påfølgande årsmøtet. Styret bestemmer om og når evt. overskot på reisefordelingsfondet skal inntektsførast av NHF.

100.5 Styret bestemmer om opphaldsutgifter i samband med årsmøtet, heilt eller delvis, skal dekkast av reisefordelingsfondet.

101 - Æresmedlem.(vedteke på årsmøte 2007)

Styret i Norges Hestekokasterforbund (NHF) kan utnemnde æresmedlemer i NHF. Den som blir utnemnd som æresmedlem må være/eller har vore medlem av hestekoklubb/gruppe som er tilslutta NHF.

For å kunne bli utnemnd til æresmedlem må vedkomande gjennom fleire år ha lagt ned eit stort og verdifullt arbeid til beste for hestekosporten.

Aktive kastarar som gjennom mange år har utmerka seg med gode idrettslege presentasjonar kan og utnemnast til æresmedlem i NHF.

Æresmedlem i NHF skal tildelast forbundet sitt æresdiplom.

Æresmedlem i NHF kan delta på alle NM utan å betale startkontingent eller andre avgifter.

Æresmedlem i NHF kan på NHF si rekning delta på årsmøta og årsmøtemiddagar i NHF. Reise og opphald blir ikkje dekkja av NHF

Utnemning av æresmedlem bør skje på årsmøtet i NHF, eller på andre festlege tilstellingar.

I tillegg til styremedlemene kan alle hestekoklubbar/grupper tilslutta NHF føreslå nye æresmedlemer. Forslaga skal være skriftlege og grunngjevne og må være kome styret i hende seinast 2 - to - månader før tildelinga skal skje.

102 – Fullmakt til lovutvalet (vedteke på årsmøtet 2007)

Lovutvalet kan gjere kosmetiske endringar i lover og regler, ut i frå vedtak på årsmøter og styremøter.

Dette vedtaket betyr at lovutvalet kan gjere endringar i teksten i vedtektene og regelverket på ein slik måte at det ikkje endrar på innhaldet/meininga med paragrafen eller regelen.

103 (vedteke på årsmøtet 2011)

NM X-kast skal arrangerast som ein eigen konkurranse/arrangement. Dvs. det skal ikkje gå inn som innleiande kasting til NM single eller i eit NC eller anna stemne,

Presisjonskasting.

På mange hesteskostemner har arrangøren ein sideaktivitet som blir kalla presisjonskasting. Nå er det slik at all hesteskokasting er presisjonskasting.

Denne sideaktiviteten, som vi altså kallar presisjonskasting, er ingen offisiell konkurranse. Og det er opp til arrangøren om dei vil ta den med på stemnet eller ikkje. Det er ikkje vedtatte reglar for denne konkurranseforma. Det er opp til den enkelte arrangør å bestemme korleis det skal avviklast.

Den mest vanlege avviklingsmetoden er:

Kastavstand. 10 meter.

Det blir nytta fem sko pr. runde.

Kastaren får poeng etter kor langt skoen ligg frå stikka etter følgjande skala:

Sko som ligg rundt stikka: 20 poeng.

Vidare etter avstanden frå stikka:

0 - 2 cm = 12 poeng	17 - 21 cm = 6 poeng
2 - 4 cm = 11 "	21 - 26 cm = 5 "
4 - 7 cm = 10 "	26 - 31 cm = 4 "
7 - 10 cm = 9 "	31 - 37 cm = 3 "
10 - 13 cm = 8 "	37 - 43 cm = 2 "
13 - 17 cm = 7 "	43 - 50 cm = 1 "

Kastarane betaler ein viss sum pr. runde, det vanlege er : kr. 5,-

Det er opp til den enkelte kastar å bestemme kor mange runder han vil kasta.

Som regel blir dei tre beste premierte i kvar klasse. (dame, herre og evt. junior).

Enkelte arrangørar legg opp til ei finalerunde mellom dei beste, der resultatet i finalerunda blir lagt til den enkelte kastar sitt beste resultat.

Enkelte arrangørar har også sett opp vandrepokal til beste tremannslag

Vi har også ein annan variant av presisjonskastinga.

Her opererer ein med 5 kastavstandar: 5 m, 7 m, 9 m, 11 m og 13 m.

Kastaren kastar ein sko mot kvar av avstandane. Poengskalaen er som ovanfor.

Dobbel presisjon (Stord HK): Det skal kastast frå ei stikke (A) mot fem andre stikker. Disse fem stikkene skal plasserast i ein bue, halvsirkel, 10 meter frå stikke A med 1,5 m avstand mellom dei. Det skal kastast ein sko mot kvar av disse fem stikkene. Deretter skal det kastast frå midterste stikke i buen mot stikke A med alle 5 skoa.

Poengskala som ovanfor, dvs. max 200 poeng.

Som nemnt, det er ikkje faste reglar for denne konkurranseforma, så der er opp til den enkelte arrangør å bestemme avstand, antal sko, poengverdi og pris pr. runde.

Internasjonal Hesteskasting

Hestekoer er kasta langt ut i verda frå gammalt av! Innvandrarane til Amerika tok med seg hesteskastinga frå Europa og aktiviteten spreidde seg ut over heile det nordlege Amerika.

USA og Canada er dei landa som først organiserte sporten. Hesteskasting i USA er over 100 år. Kastavstand 11,35 m for menn og 8,25 m for kvinner og junior. Rundt stikka brukar dei helst mjuk leire, men også sand. Poeng er 3 for ring og 1 for næraste sko innanfor 15 cm. Ein vanleg kamp er 40 sko og dei brukar kansellering. Her utliknar ein ring poenga til motstandaren sin ring. Hestekoa dei brukar er ikkje ekte hesteko. Dei liknar i forma, men storleiken har dei etter dei svære «bryggerihestane». Vekt: max ca. 1,1 kg og min. 0,9 kg. National Horseshoe Pitchers Assosiation, hestekoforbundet i USA, arrangerte VM for første gang i 1909. Sidan har dei utvikla sporten og regelverket ganske godt. Men toppnivået i dag er faktisk dårlegare enn for 30 – 60 år sidan. Dei reknar likevel med at om lag 15 – 20 mill. personar prøver hesteskasting kvart år i USA og Canada. Det være seg som piknikkasting, bar-serier, sjølvstendige klubbar, klubbar i NHPF, bedriftsaktivitet, lokalt organisert kasting, og endå meir. Mange stader har dei hestekobaner sett opp permanent i offentlege parkar. Hestekoforbundet i USA har no i overkant av 10.000 medlemmer. Forbundet i Canada om lag 3.000 medlemmer. Sidan 1991 har det vore norsk deltaking ved 12 VM, og Norge har så vidt vi veit vore einaste land i VM frå Europa! VM har dei seinare åra kun vore arrangert innandørs i store ishallar/konserthallar med plass til ca. 46 baner. No brukar dei og elektroniske poengtavler. Mange klubbar har sine egne permanente innandørsbaner, der DU er velkomen !

Europa har og ein del hesteskasting, men aktiviteten er ikkje så godt kjend her.

Norge har den beste organiseringa, men vi er ikkje størst i Europa! Vi kjenner til at det finst hestekoaktivitet i Russland – Finland – Polen – Slovakia – Tyskland – Sveits – Frankrike – Italia – Spania – Irland – Skottland – England – Danmark – Sverige. For nokre land kan det være vankeleg å finne informasjon p.g.a. språket. Men nokre land veit vi litt om :

Sverige har fleire hesteskastarar enn Norge. Kor mange er vanskeleg å finne ut, men ut frå deltakartal på stemner og svensk meisterskap, er det nok over 400. Svenskane har og to måtar å kaste hesteko på. Ein måte går for seg på gras og 11 meter avstand. Den er mest utbreidd i midt-Sverige. Den andre metoden er mest i sør-Sverige. Her har dei noko dei kallar bane – hesteskasting på 6 meter avstand, med 5 små messingsko. Dei vert kasta ein og ein og målt kvar for seg som ein 5 sko serie presisjonskasting. Høgste mulege poengsum er $20 \times 5 = 100$. Denne kastforma vert nytta også i Polen, Slovakia, Italia, Frankrike og sikkert i fleire land. Svenskane reiser til Polen og polakkane til Sør-Sverige for å tevla med kvarandre. Denne kastmetoden vert og kalla strandkasting. Den vert brukt både inne og ute. Med berre 6 meter avstand krev den lite plass inne og ikkje altfor stor takhøgde. Innandørs – heilårsaktivitet !

I **Tyskland** kastar dei på to avstandar: 9 m = tysk, 11,35 m = amerikansk. Dette er ein sideaktivitet for klubbar som er med i eit forbund for amerikansk countrymusikk. Men dei har ein god del stemner på terminlista, og dei arrangerer tysk meisterskap på begge avstandane. Det ser ut til å vere både kampar og presisjonskasting. Rekordar vert noterte. Der er klubbar i **Sveits** som har kontakt og kastar med klubbar i sør-Tyskland.

Italia og Spania har konkurransar i hesteskasting i samband med større festivalar. I Italia kastar dei på både 10 m og 25 m avstand, som ein slags presisjonskasting.

Irland har kanskje så mange som 2000 kastarar. Der er mange klubbar og eige forbund. Men

desverre inga heimeside. Dei kastar 33 fot, som vert såvidt over 10 m. Vurderer å gå inn for å kaste metrisk, som då vil bli akkurat 10 m. Skoen dei brukar er skoren ut av ei jernplate og er heilt spesiell. Den veg 900 gram. Dei kastar på gras fordi det ikkje er grusbaner i Irland. Alle deira store nasjonale idrettar går på grasbaner. Det mest spesielle er at ring ikkje tel 3 poeng.

Derimot får næraste sko 1 poeng i kampen, som går til 21 poeng. Næraste sko, vil seie den skoen som er nærast til stikka, uansett om der er sko rundt stikka eller ei !!! Det vanlege er kampar mann mot mann. Men dei har og presisjonskonkurransar. Der kastar dei 100 skor og

den som får flest ringar vinn !!!

Meir informasjon: Inge Byrkjeland 47 26 56 88.

Hesteskokasting for barn og ungdom.

Barn liker å prøve det meste, også hesteskokasting. Dei liker nye aktivitetar og det er lett å presentere hesteskokasting for dei. For alle alderstrinn er det enklast å starte med ei form for presisjonskasting. Erfaring viser at alder/avstand passer slik: 5-8 år = 6 meter, 9-12 år = 8 meter. Det kan vere aktuelt å korte avstanden med ein meter for einskilte barn, i høve handikap eller liknande. Enkelt forklart for barna, aksepterer dei dette veldig grei.

Poengskala bør brukast. Då vert kastinga meir seriøs for barna og dei kan lettare samanlikne og sjå konkret kva dei får til. Ein raus skala som gjev poeng fram til 1 meter frå stikka er god å bruke i denne samanheng. Denne skalaen er og svært god til all slags presisjonskasting for uøvde kastarar, det være seg på 17. mai eller marknader, grendalag og liknande.

10 poeng for ring. Målestav på 1 meter med slik inndeling: 0-5 cm = 6 poeng, 5-15 cm = 5 poeng, 15-30 cm = 4 poeng, 30-50 cm = 3 poeng, 50-75 cm = 2 poeng, 75-100 cm = 1 poeng. Denne skalaen er også så enkel at dei lett kan lære seg å telle poenga sjølv og for kvarandre. Det er nok å la uøvde kastarar bruke 4 sko i presisjonskasting.

Denne form for hesteskokasting, meistarar born og ungdom ganske fort. Då kan ein gjerne vise dei hesteskogolf og la dei få prøve seg i ei enkel løype. Erfaring viser at variasjonane i hesteskogolf gir barn og ungdom ein heilt annan oppleving av spenning og utfordringar.

Premiering er aktuelt i konkurransar og alle bør kunne oppnå noko. Dette har sjølv sagt samanheng med om ein har ein liten startkontingent. Premieringa bør uansett ikkje gje for store skilnader få «topp til botn».

Lukke til !

For meir informasjon: Inge Byrkjeland 47 26 56 88.

Forsikring.

Norges Hesteskokasterforbund har inngått forsikringsavtale med AS Kompetanse forsikring. Det er ein ansvarsforsikring som gjeld for alle terminfesta stemner.

Forsikringssummen er kr. 10.000.000,- (10 mill.) med eigenandel på kr. 10.000,-

Tillitsvalde i Norges Hesteskasterforbund: Sidan starten i 1986 har disse for leiar i NHF:

Anders Heggdal	1986 - 1986
Magne Gloppestad	1987 - 1990
Terje Fonn	1991 - 1991
Inge Byrkjeland	1992 - 1996
Øyvind Hegrenes	1997 - 1998, 2013 - 2014
Johannes Nedrebø	1999 - 2004, 2015 - 2021
Per Geir Vatna	2005 - 2008
Synnøve Fagerstrand	2009 - 2012

Disse har vore styremedlemer i NHF:

Ragnhild Brunstad	1986 - 1988
Oddmund Berg	1986 - 1990, 2005 – 2014
Åse Fure	1986 - 1987
Kolbein Langlo	1986 - 1987
Gerd Årdal	1987 - 1989
Gudvin Verlo	1987 - 1991
Liv Langlo	1989 - 1991
Åsta Huus Myrmel	1989 - 1991
Terje Fonn	1990 - 1991
Signe T. Barstad	1990 - 1994
Arne Felde	1991 - 1992
Bjarte Årdal	1991 - 1993
Øyvind Gjerde	1991 - 1993
Erling Johnsrud	1992 - 1994
Øyvind Hegrenes	1993 - 1997, 1999 - 2012
Oddmund Dingen	1993 – 2016
Anne-Jorun Berg	1994 - 1998
Johnny Terje Årdal	1994 - 1998
Thor Kr. Andersen	1997 - 2002
Per Geir Vatna	1998 - 2003
Johannes Nedrebø	1998 - 1999,
Gunnar Degnepoll Bugge	2003 - 2004
Øystein Sørli	2003 - 2004
Synnøve Fagerstrand	2005 – 2008 2019 -
Arnfinn Austegard	2006 – 2007 2020 -
Harald Fagerstrand	2008 – 2009
Reidar Nepstad	2009 – 2012
Magne Gloppestad	2010 – 2015
Otto Kristiansen	2013 – 2015
Roy Inge Johnsen	2013 – 2018
Sondre Torgersen	2015 – 2018
Kjell Osland	2015 – 2019
Inge Byrkjeland	2017 – 2019
Jim Ertesvåg	2019 -
Per Ivar Lomheim	2020 -

RESULTATER 2019

NM – X-Kast Klasse 1, Ålhus i Jølster 10.August 2019

Plass	Navn	Poeng
1	Arnfinn Austegard, Austblæsa	570
2	Oddmund Dingen, Nordhordland	566
3	Dan Tørnlind, Vallset	554
4	Per Dalheim, Vallset	535
5	Stein Ove Stodder, Mino	532
6	Tollef Årdal, Skjold	519
7	Oddvar Turøy, Førde	507
8	Finn Stavenes, Mino	497
9	Synnøve Fagerstrand, Mino	497
10	Tom Årdal, Skjold	485
11	Kjell Evensen, Vallset	484
12	Jim Ertesvåg, Austblæsa	482
13	Trygve Bolset, Skjold	476
14	Signar Fauske, Førde	473
15	Audhild Sagosen, Nordhordland	467
16	Gunnar J.D.Bugge, Mino	462
17	Walter Fagerstrand, Nordhordland	460
18	Nils Jakob Juklestad, Skjold	455
19	Sverre Dale, Nordhordland	447
20	Henrik Stokkenes, Mino	441
21	Arne Drageset, Stord	441
22	Ronny Stodder, Mino	436
23	Annar Westerheim, Stord	431
24	Dag Otto Koppang, Stord	430
25	Helge Flatøy, Austblæsa	426
26	Ragnar Fredriksen, Hobøl	422
27	Tormod Flatjord, Skjold	418
28	Else Rønningen, Vallset	413
29	Johannes Nedrebø, Skjold	410
30	Ronald Stodder, Mino	407
31	Harald Standal, Mino	402
32	Rune Torsvik, Skjergard	393
33	Kåre Måge, Skjergard	376
34	Geir Olav Sebjørnsen, Skjergard	373
35	Per Geir Vatna, Stord	368
36	Henrik Flatøy, Austblæsa	330
37	Halvard Måge, Skjergard	320
38	Marit Meland, Skjold	247
NM – X-Kast Klasse 2. Jølster 2019		
1	Nina Farsund, Skjold	383
2	Steinar Tangen, Hobøl	236
3	Olav Nilsen, Hobøl	234
4	Siw-Hege Noste, Mino	167

5	Jannicke Hagen, Skjergard	141
6	Kirsti Ramstjernåsen, Hobøl	97

NM – Hesteskogolf Herrer, Nordfjordeid 31.mai 2019

Plass	Navn	Poeng
1	Trygve Bolset, Skjold	80
2	Morten Sakstad, Nordhordland	83
3	Johannes Nedrebø, Skjold	84
4	Harald Standal, Mino	85
5	Andreas Bolset, Skjold	86
6	Ronny Stodder, Mino	88
7	Lars Arne Kolås, Nordhordland	88
8	Harald Fagerstrand, Mino	91
9	Ivar Nielsen, Hobøl	91
10	Stein Ove Stodder, Mino	92
11	Steinar Tangen, Hobøl	95
12	Ingar Nilsen, Hobøl	96
13	Magne Gloppstad, Gloppen	96
14	Henrik Nielsen, Hobøl	101
15	Oddvar Slettemo, Hobøl	104
16	Olav Nilsen, Hobøl	105

NM – Hesteskogolf Damer, Nordfjordeid 31.mai 2019

Plass	Navn	Poeng
1	Anne Kirsti Noste, Mino	92
2	Synnøve Fagerstrand, Mino	96
3	Marit Meland, Skjold	100
4	May Kristin Seljenes, Mino	108
5	Siw-Hege Noste, Mino	109

NM – Hesteskogolf Barn, Nordfjordeid 31.mai 2019

Plass	Namn	Poeng
1	Marion Stodder, Mino	103
2	Eskil Stodder, Mino	103
3	Iselin Stodder, Mino	134
4	Mikael Stodder, Mino	147

NORGESRANKING 2019. Vert lagt ut på nettsida til NHF

NM – MIX Ålhus i Jølster 9.August 2019

Plass	Navn	Klubb
1	Asbjørg Dingen / Oddmund Dingen	Nordhordland
2	Anne -Kirsti Noste / Harald Standal	Mino
3	Eles Rønningen / Kjell Evensen	Vallset
4	Siv Øen / Harald Fagerstrand	Mino

5	Audhild Sagosen / Lars Arne Kolås	Nordhordland
6	Irene Årdal / Tom Årdal	Skjold
7	Synnøve Fagerstrand / Walter Fagerstrand	Mino
8	Lillian Årdal Vasstein / Tollef Årdal	Skjold
9	Marit Meland / Trygve Bolset	Skjold
10	Siw-Hege Noste / Gunnar Bugge	Mino
11	Nina Farsund / Johannes Nedrebø	Skjold
12	Åse Fure / Magne Gloppestad	Gloppen
13	Kirsti Ramstjernåsen / Steinar Tangen	Hobøl

NM - PAR. Gruppe A. Ålhus i Jølster 10.August.2019

Plass	Navn	Klubb
1	Per Dalheim 7 Dan Tørnlind	Vallset
2	Per Inge Seime / Kjell Aske	Gloppen
3	Jim Ertesvåg / Arnfinn Austegard	Austblæsa
4	Oddmund Dingen / Sverre Dale	Nordhordland
5	Stein Ove Stodder / Ronny Stodder	Mino
6	Lars Arne Kolås / Reidar Nepstad	Nordhordland
7	Tom Årdal / Tollef Årdal	Skjold
8	Finn Stavenes / Gunnar J.D Bugge	Mino
9	Signar Fauske / Oddvar Turøy	Førde
10	Johannes Nedrebø / Nils Jakob Juklestad	Skjold
11	Synnøve Fagerstrand / Walter Fagerstrand	Mino
12	Arne Drageset / Per Geir Vatna	Stord
13	Henrik Stokkenes / John Roar Øien	Mino
14	Helge Flatøy / Kjell Osland	Austblæsa
15	Andreas Bolset / Trygve Bolset	Skjold
16	Kåre Måge / Hallvard Måge	Skjergard
17	Annar Westerheim / Dag Otto Koppang	Stord
18	Rune Torsvik / Geir Olav Sebjørnsen	Skjergard

NM - PAR. Gruppe B. Ålhus i Jølster 10.August 2019

Plass	Navn	Klubb
1	Else Rønningen / Kjell Evensen	Vallset
2	Leif Heggheim / Magne Gloppestad	Gloppen
3	Ragnar Fredriksen / Olav Nilsen	Hobøl
4	Audhild Sagosen / Tormod Flatjord	Nordhord / Skjold
5	Siv Øen / Ronald Stodder	Mino
6	Henrik Flatøy / Bjarne Solend	Austblæsa
7	Henning Hegrenes / Øyvind Hegrenes	Førde
8	Nina Farsund / Marit Meland	Skjold
9	Kirsti Ramstjernåsen / Steinar Tangen	Hobøl

NM – LAG. Gruppe A. Ålhus i Jølster, 11.August 2019

Plass	Navn	Klubb
1	Stein Ove Stodder / Gunnar Bugge / Finn Stavenes / Harald Fagerstrand	Mino Lag 1
2	Arnfinn Austegard / Jim Ertesvåg / Helge Flatøy / Kjell Osland	Austblæsa
3	Oddmund Dingen / Reidar Nepstad / Sverre Dale / Lars Arne Kolås	Nordhordland
4	Ronny Stodder / Synnøve Fagerstrand / Walter Fagerstrand / Hanrik Stokkenes	Mino Lag 2
5	Kjell Evensen / Per Dalheim / Else Rønningen / Dan Tørnlind	Vallset
6	Tollef Årdal / Trygve Bolset / Tom Årdal / Nils Jakob Juklestad	Skjold 1
7	Tormod Flatjord / Gro Dvergsdal / Johannes Nedrebø / Nina Farsund	Skjold 2
8	Annar Westerheim / Dag Otto Koppang / Per Geir Vatna / Arne Drageset	Stord
9	Geir Olav Sebjørnsen / Kåre Måge / Rune Torsvik / Halvard Måge	Skjergard

NM – LAG. Gruppe B, Ålhus i Jølster, 11.August 2019

Plass	Namn	Klubb
1	Signar Fauske / Henning Hegrenes / Oddvar Turøy / Øyvind Hegrenes	Førde
2	Steinar Tangen / Kirsti Ramstjernåsen / Olav Nilsen / Ragnar Fredriksen	Hobøl
3	Ronald Stodder / Henrik Flatøy / Siv Øen / Bjarne Solend	Mino / Austblæsa

NORGESCUPEN SAMANLAGT SINGLE 2019**Klasse 1.**

Plass	Navn		Poeng
1	Inge Byrkjeland	Nordhordland	1744
2	Stein Ove Stodder	Mino	1740
3	Arnfinn Austegard	Austblæsa	1652
4	Synnøve Fagerstrand	Mino	1634
5	Oddmund Dingen	Nordhordland	1625
6	Finn Stavenes	Mino	1622
7	Harald Fagerstrand	Mino	1574

8	Walter Fagerstrand	Mino	1565
9	Trygve Bolset	Skjold	1526
10	Reidar Nepstad	Nordhordland	1525
11	Tollef Årdal	Skjold	1501
12	Jim Ertesvåg	Austblæsa	1468
13	Per Dalheim	Vallset	1454
14	Kjell Evensen	Vallset	1429
15	Rune Felde	Hobøl	1384
16	Helge Flatøy	Austblæsa	1356
17	Ronny Stodder	Mino	1308
18	Signar Fauske	Førde	1263
19	Sverre Dale	Nordhordland	1229
20	Ragnar Arntzen	Hobøl	1195
21	Harald Standal	Mino	1162
22	Gunnar J.D.Bugge	Mino	1160
23	Ragnar Fredriksen	Hobøl	1144
24	Ronny Dalheim	Vallset	1089
25	Nils Jakob Juklestad	Skjold	1083
26	Lars Arne Kolås	Nordhordland	1010
27	Henrik Stokkenes	Mino	1001
28	Else Rønningen	Vallset	980
29	Knut Nilsen	Hobøl	979
30	Oddvar Turøy	Førde	970
31	Ronald Stodder	Mino	957
